

# Folkehelseoversyn for Vaksdal kommune



2015

|  |    |
|--|----|
| <b>INNHALD:</b> Folkehelse – kva handlar det om?                 | 2  |
| Tema i oversynet, fakta og statistikk                            | 3  |
| Kort oppsummering  | 4  |
| Vaksdal kommune, folkehelseprofil                                | 5  |
| <b>A. Befolkningssamansetning</b>                                |    |
| Folketal, fødselstal   | 6  |
| Alderssamansetning, levealder                                    | 7  |
| Folketalsframskriving, åleineforsytarar                          | 8  |
| <b>B. Oppvekst- og levekår</b>                                   |    |
| Økonomi, inntekt, arbeidsstyrke                                  | 9  |
| Uføretrygd, sjukefråvær  | 10 |
| Straumar mellom arbeidsmarknad og velferdsordningar              | 11 |
| Arbeidsløyse, barnehage, minoritetsborn                          | 12 |
| Barnehagedekning, barnevernstiltak                               | 13 |
| Pendling, næringsliv   | 14 |
| Arbeidsplassar, kommunebarometer, utgifter helsetenester         | 15 |
| Grunnskule, nasjonale prøvar, trivsel                            | 16 |
| Karakterar i grunnskule, fråfall frå vidaregåande                | 17 |
| Utdanningsnivå, helsestasjon, skulehelseteneste                  | 18 |
| <b>C. Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø</b>            |    |
| Drikkevatn, vassverk og varsling, radon                          | 19 |
| Klima, friluftsliv   | 20 |
| Organisasjonar, idrett, kultur                                   | 21 |
| Kultur (KOSTRA), kulturminne, fabrikkmiljø                       | 22 |
| Ungdom, nasking, kriminalitet i Vaksdal kommune                  | 23 |
| Lovbrot og misferder, valdskriminalitet                          | 24 |
| Vaksinasjonsdekning, eldre, sjukeheimar                          | 25 |
| Heimetenesta, valdeltaking                                       | 26 |
| Kjønnslikestilling, deltidsarbeid, flyktningar                   | 27 |
| Flyktningar, introduksjonsprogram                                | 28 |
| Barnevern, inneklima   | 29 |
| <b>D. Skadar og ulukker</b>                                      |    |
| Personskadar   | 30 |
| Skadetypar (personskadar), arbeidsulukker, vegtrafikkulukker     | 31 |
| Trafikksikker kommune  | 32 |
| <b>E. Helserelatert åtfærd</b>                                   |    |
| Røyking, snus  | 33 |
| Alkohol, narkotika, risikoåtfærd og vald                         | 34 |
| Villmarksleir, mat og mosjon i skule og barnehage                | 35 |
| Trening  | 36 |
| <b>F. Helsetilstand</b>  |    |
| Primærhelsetenesta, hjarte- karsjukdomar, spesialisthelsetenesta | 37 |
| Sjukehusinnlegging, kreft  | 38 |
| Diabetes, overvekt   | 39 |
| Ung helse, psykisk helse, muskel- og skjelettlidingar            | 40 |
| Kols, tannhelse  | 41 |
| Kjelder, vedlegg   | 42 |

## **Folkehelseoversyn**

Lov om folkehelsearbeid (Folkehelselova § 5) pålegg kommunane å skaffa seg nødvendig oversyn over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorar som kan påverka denne. Kommunen skal særleg vera merksam på trekk ved utviklinga som kan skapa eller oppretthalda sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseforskjellar.

Folkehelseoversynet skal rullerast minst kvart fjerde år.

Bakgrunnen for at det trengs eit oversyn er kommunen sitt ansvar for folkehelsearbeid.

Folkehelselova § 4 slår fast at «Kommunen skal fremme befolkningens helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å forebygge psykisk og somatisk sykdom, skade eller lidelse, bidra til utjevning av sosiale helseforskjeller og bidra til å beskytte befolkningen mot faktorer som kan ha negativ innvirkning på helsen».

Godt oversyn skal gjera folkehelsearbeidet meir treffsikkert.

Folkehelselova byggjer på fem prinsipp:

Utjamning. Helse i alt me gjer. Berekraftig utvikling. Førre var prinsipp. Medverknad.

## **Folkehelse**

Folkehelse vert definert som «befolkningens helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i en befolkning» (Folkehelselova § 3).

Befolkninga si helse er ein av dei viktigaste ressursane til samfunnet. Arbeidet for å betra folkehelsa er ikkje berre helseetatens sitt ansvar, men noko som alle etatar kan og skal leggja til rette for.

Folkehelse-innsatsen handlar om førebygging og er arbeid på systemnivå.

«Helsetilstanden i den norske befolkninga er svært god. Levealderen er høg og vil auka framover. Dei sosiale ulikskapane i helse er likevel store. Levealderen har auka mest i grupper med høg utdanning og inntekt og ført til større sosiale ulikskapar i levealder», ifølgje Folkehelsemeldinga (Stortingsmelding 19).

## **Sosial ulikskap i helse**

Helsedirektoratet skriv i sin rettleiar («God oversikt») at helseskilnader varierer systematisk langs sosiale dimensjonar. For kvart steg ein tek oppover den sosioøkonomiske stigen, di betre helse.

Helseskilnader er eit produkt av ulikskap i ressursar, levekår og mogelegheiter, og skilnadane vert skapt i oppvekstmiljø, arbeidsliv, fritid og liknande. *Dei mest effektive tiltaka mot sosial ulikskap rettar seg mot heile befolkninga, i form av tiltak som bidreg til sosial utjamning.* Dette bør kombinerast med meir målretta tiltak overfor dei mest utsette gruppene.

### **Tema i oversynet**

Oppbygginga følger forskrifta § 3 si inndeling i tema:

- a) befolkningsamansetning
- b) oppvekst- og levekårforhold
- c) fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- d) skader og ulukker
- e) helserelatert åtferd
- f) helsetilstand

Folkehelsedirektoratet har i si rettleiing bidrege med forslag/eksempel på problemstillingar og undertema til kvart av dei seks temaområda.

Det vart i startfasen halde møte med kommunalsjef for oppvekst, kommunalsjef for helse og omsorg, einingsleiar for folkehelse og familie og kommuneoverlegen. Då vart det valt nokre tema der ein ser det kan finnast utfordringar, og som det er ønskeleg med meir informasjon om: alkohol/rus, utdanningsnivå, sjukefråvær, krefttilfelle, personskader, psykisk helse, andel born i barnehage, inneklima barnehagar/skule, radon, trafikk. Desse undertema fell naturleg inn i kvar sine temaområde som oversynet skal innehalda (iflg forskrift), og vil bli prioriterte der. Innleigd konsulent Anne Rivenes har utarbeidd første utkast (faktadelen) av folkehelseoversynet.

### **Fakta/statistikk**

Tal og statistikk er henta frå statistikk.ivist, SSB, Helsedirektoratet, Ungdata, NAV, geodata.no, Folkehelseinstituttet m.fl. i tidsrommet juni-september 2015.

I tabellane vert Vaksdal samanlikna med gjennomsnittet for Hordaland, med tal for landet, og ofte også med kommunane Samnanger, Austevoll og Øygarden som høyrer til same KOSTRA-gruppe (3).

I arbeidet med oversynet er fleire fagpersonar og instansar kontakta, og har bidrege med fakta og vurderingar: Helse Bergen, Nav Hordaland, Nav Vaksdal, Arbeidstilsynet, Politiet, statistikkavdelinga i Hordaland fylkeskommune, Vaksdal sin kommunalsjef oppvekst, kommunalsjef helse og omsorg, einingsleiarane for folkehelse og familie, samfunnsutvikling, skule, barnehage, heimetenester og sjukeheimtenester, kulturkonsulent, miljøvernleiar, kommuneplanleggjar, leiande helsesøster, rådgjevar tekniske tenester, byggesaksansvarleg.

Dette er den første utgåva av folkehelseoversynet. Den tek mål av seg å visa hovudtrekk av folkehelsa. Det vil også utpeika seg tema der det kan vera aktuelt å gå meir i djupna i neste fase.



## Kort oppsummering:

- Andelen born som går i barnehage er lågare enn samanliknbare kommunar, særleg mellom dei yngste borna. Unntaket er minoritetsspråklege born, der fleire går i barnehage i Vaksdal enn i andre kommunar.
- **Vaksdal har høgaste uføreandelen i fylke, og auken har siste året vore høgare enn fylket elles.**
- Høg grad av pendling, både inn og ut av kommunen.
- Utdanningsnivå og bruttoinntekt er lågare enn landssnittet.
- 10,4 prosent av borna bur i låginntektshushald.
- Høgt sjukefråvær gjennom mange år, men markert skilnad mellom kjønn.
- **Elevane i grunnskulen trivst med skulekvardagen**, dei gjer meir lekser og skulkar mindre enn landssnittet.
- Fråfall i vidaregåande er lågare enn snittet, men færre planlegg å ta høgare utdanning.
- To av kommunen sine fire vassverk er ikkje godkjente. Kvalitetsavvik (bakterie-innhald) gjer at drikkevatnet i periodar må kokast.
- Høge radonverdiar førekjem på enkelte område i tettstadane Vaksdal og Dale.
- Dei unge ønskjer seg fleire stader å treffast og saknar gode kulturtilbod for ungdom.
- Ni av ti unge opplever nærmiljøet sitt som trygt.
- Valdeltakinga i Vaksdal er lågare enn i fylket og landet elles.
- Talet på trafikkulukker har gått ned, men framleis skjer det alvorlege ulukker langs stamveg og fylkesveggar gjennom kommunen.
- Fleire personskader til sjukehusbehandling enn fylket/landet elles.
- Andelen røykarar er høgare enn snittet i fylket.
- Fleire enn landssnittet av ungdomsskuleelevar har fått tilbod om hasj.
- **Vaksdal kjem høgt på tabellen over hjarte- og karsjukdomar.**
- Vaksdal har mange med muskel- og skjelettlidingar.
- **Vaksdal ligg høgt på kreftstatistikken.**
- Psykiske vanskar aukar, og mest blant dei unge (15-29 år) i kommunen, men likevel: færre i Vaksdal oppsøker primærhelsetenesta med psykiske symptom og lidingar enn i fylket og landet elles.

## **Vaksdal kommune**

«Bynært bygdeliv» er visjonen, eller framtidsvona for Vaksdal kommune. Det er eit ønskje om å ta vare på og utvikla det gode med bygda, samstundes som ein dreg nytte av nærleiken til byen. Vaksdal kommune ligg sentralt mellom Voss og Bergen, og både E16 og jernbanen mellom Oslo og Bergen går gjennom store delar av kommunen. Arealet på 738 km<sup>2</sup> rommar både høge fjell og frodig fjordlandskap.

Ein stor del av innbyggjarane bur i tettstadane Dale, Vaksdal og Stanghelle, medan resten bur i mindre grender som Stamnes og Eidslandet langs fjorden, eller meir landleg som i Eksingedalen og Bergsdalen.

Vaksdal kommune har lenge vore i overgangsfasen frå industrikommune til å bli ein pendlarkommune. Framleis er mølleanlegget ei hjørnesteinsverksemd i bygda Vaksdal, medan tekstilindustrien på Dale har blitt kraftig redusert. Næringslivet har vore gjennom fleire periodar med omstilling og nedbemanning, og stadig fleire pendlar ut av kommunen for å finna arbeid.

Folketalet har vore synkende sidan midten av 1960-talet, og i januar 2015 talde kommunen 4096 innbyggjarar.

I 2014 opna kommunen to nye, store barnehagar på Vaksdal og Stanghelle. I tillegg er det barnehagar på Stamnes og Dale. Kommunen driv også fem skular, på Dale, Stanghelle, Vaksdal, Stamnes og Eksingedalen.

## **Folkehelseprofil 2015**

Folkehelseinstituttet lagar og offentleggjer folkehelseprofilar for kommunane, der dei samanliknar ei rekkje helseindikatorar. På særleg tre felt skil Vaksdal sin Folkehelseprofil 2015 seg tydeleg negativt frå landsnittet. Det gjeld drikkevatt, hjarte- og karsjukdomar og personskader som krev sjukehusbehandling. På andre område ligg Vaksdal likt med landsnittet, til dømes andelen born som bur i hushald med låg inntekt, fråfall frå vidaregåande utdanning, andel 5.klassingar på lågaste mestringsnivå i rekning, forventa levealder for kvinner.

Helseskilnader som forventa levealder mellom ulike utdanningsgrupper kan ein ikkje seia noko om, fordi talgrunnlaget er for lite.

### *Negative faktorar:*

- Lågare utdanningsnivå enn gjennomsnittet
- Dårlegare kvalitet på drikkevattnet
- Fleire med hjarte- og karsjukdomar
- Fleire med personskader til sjukehus

### *Positive faktorar:*

- Ungdomane trivst betre på skulen enn snittet
- Færre (0-74 år) har psykiske symptom og lidingar
- Lågare bruk av antibiotika

## A. Befolkningsamansetning

**Faktorar som påverkar helse, positivt eller negativt, og som er sosialt ulikt fordelt, bidreg til å skapa sosiale helseforskjellar. Det kan gjelda både levevanar, fysiske faktorar som luftreining og sosiale miljøfaktorar eller levekår som bustadsosiale tilhøve, utdanning, inntekt og arbeid. (Regjeringa/Stortingsprop. 90 L)**

### Vaksdal

Vaksdal kommune hadde 4.096 innbyggjarar pr. 1.januar 2015. Medan Hordaland fylke og region Osterfjorden har veksande folketal, har talet på innbyggjarar gått ned i Vaksdal kommune. Frå 1995 til 2015 har folketalet gått ned med 423 personar, ein nedgang på 9,36 prosent totalt dei siste tjue åra.

I 2014 var 1197 innbyggjarar busette utanfor tettstad, medan 2953 budde i ulike tettstader i kommunen. Største tettstad er kommunesenteret Dale, med 1185 innbyggjarar. Deretter følgjer Vaksdal med 988 og Stanghelle med 770 innbyggjarar.

### Folketal

I 2014 hadde Vaksdal ein folketilvekst på minus 44. Fleire flyttar ut frå kommunen enn det er folk som flyttar inn. Netto innflytting, inkludert inn- og utvandring, var på minus 33 i 2014.

I tillegg kom eit negativt fødselsoverskot på -11, med 46 fødde og 57 døde i løpet av året.

I folketalsframskrivinga (2014-36) frå Hordaland fylkeskommune vert det ikkje rekna med fødselsoverskot i Vaksdal, men derimot ei forsiktig positiv nettoinnflytting.

### Folketalet i kommunane

Innbyggjarar, begge kjønn, alle aldrar

| Tid          | 1990   | 2000   | 2010   | 2015   |
|--------------|--------|--------|--------|--------|
| Geografi     |        |        |        |        |
| Hordaland    | 405989 | 431932 | 477175 | 511357 |
| Austevoll    | 4200   | 4406   | 4571   | 5012   |
| Samnanger    | 2412   | 2282   | 2375   | 2443   |
| Øygarden     | 3158   | 3623   | 4267   | 4733   |
| Osterfjorden | 11875  | 11552  | 11872  | 12316  |
| Vaksdal      | 4519   | 4192   | 4107   | 4096   |

statistikk.igest SSB tabell07459

### Fødselstal

Utviklinga i befolkningsamansetninga er relevant fordi ulike aldersgrupper inneber ulike folkehelseutfordringar og ulike behov for kommunale tenester. Med ein større andel eldre aukar også behovet for helsetenester. Vaksdal kommune hadde 9,4 fødde pr. 1000 innbyggjarar (2013). Hordaland fylke hadde 12,4, og tal fødde var 11,6 pr. 1000 på landsbasis.

## Samansetting av folkeveksten i 2014

År, 2014

|  | Hordaland | Vaksdal |
|--|-----------|---------|
| Folketalet ved inngangen av året           | 505246    | 4140    |
| Fødde                                      | 6226      | 46      |
| Døde                                       | 3727      | 57      |
| Fødselsoverskot                            | 2499      | -11     |
| Innvandring                                | 6682      | 24      |
| Utvandring                                 | 3170      | 14      |
| Innflytting, innanlandsk                   | -         | 117     |
| Fråflytting, innanlandsk                   | -         | 160     |
| Nettoinnflytting, inkl. inn- og utvandring | 3599      | -33     |
| Folketilvekst                              | 6111      | -44     |
| Folketalet ved utgangen av året            | 511357    | 4096    |

statistikk.igest, SSB statistikkbanken

### Alderssamansetning

Kommunen har fått færre born og unge, og fleire middelaldrande og eldre. Frå 1990 og fram til 2014 har det vore nedgang i alle aldersgrupper frå 0 til 40 år. Til dømes var talet på 0-5 åringar 330 i 1990, medan same aldersgruppe talde 280 i 2014.

Aldersgruppa 40-59 år har auka, medan det har blitt færre eldre i alderen 60-79 i løpet av perioden 1990-2014. Ser ein berre dei siste fem åra, har 60-79-åringar auka i talet igjen. Talet på folk i 80-åra har vore nokså stabilt, medan talet på 90-åringar og eldre har hatt ein kraftig auke frå 26 i 1990 til 79 i 2014.

### Levealder

Ifølgje Folkehelseinstituttet sine utrekningar er forventa levealder for kvinner i Vaksdal 83,6 år, same som fylkessnittet, og litt over landssnittet (82,6). Forventa levealder for menn i Vaksdal er 79 år, også høgare enn menn i Hordaland (78,5) og i landet (77,9). Statistikken viser forventa levealder ved fødsel.

Tala som viser skilnad i forventa levealder mellom to utdanningsgrupper, er for små på kommunenivå til å offentleggjerast (Kommunehelsa statistikkbank).

### Framskriving

Spådomar om framtidig folketal inneheld ei rekkje usikre faktorar, og framskrivingane inneheld oftast fleire scenario. I SSB si framskriving frå 2015 til 2040 kan ein leggja til grunn låg, høg eller middels nasjonal vekst. I middels-alternativet ligg det an til forsiktig vekst i Vaksdal, frå 4249 innbyggjarar i 2020 til 4604 i 2040.

I same periode vil talet på dei aller eldste (80+) i kommunen auka frå 294 til 424, ifølgje Folkehelseinstituttet si framskriving. Den store auken i den eldste aldersgruppa har Vaksdal til felles med resten av fylket og landet elles.

I SSB-framskrivingsalternativet «låg nasjonal vekst» vert folketalet i Vaksdal utrekna til 4.169 i 2040.



| <b>Folketalsframskriving 2020-2040</b>                          |                   |             |             |             |             |
|---|-------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Utarbeidd av Folkehelseinstituttet                              |                   |             |             |             |             |
| Årstal  |                   | 2020        | 2025        | 2030        | 2040        |
| Geografi  | Alder             |             |             |             |             |
| Heile landet  | alle aldre        | 5450104     | 5710613     | 5948156     | 6323562     |
|   | 80 år+            | 226940      | 266983      | 346660      | 455588      |
| Hordaland   | alle aldre        | 544030      | 573272      | 600420      | 644969      |
|   | 80 år+            | 22591       | 25943       | 33460       | 44668       |
| <b>Vaksdal</b>  | <b>alle aldre</b> | <b>4249</b> | <b>4368</b> | <b>4460</b> | <b>4604</b> |
|   | 80 år+            | 294         | 298         | 326         | 424         |
| Kommunehelsa statistikkbank, Folkehelseinstituttet, 22.06.2015. |                   |             |             |             |             |

### Eineforsytarar

Vaksdal har høgare del eineforsytarar enn fylket og landet elles. 16,4 prosent av born i alderen 0-17 år har mor eller far som er eineforsytar. Born av eineforsytarar vert antatt å vera ei potensielt utsett gruppe, både økonomisk og sosialt (iflg. Folkehelseinstituttet).

Også åleinebuande vert rekna for å vera ei potensielt utsett gruppe, både økonomisk, helsemessig og sosialt.

| <b>Familiar i Vaksdal kommune</b>                   |         |      |
|---|---------|------|
| Tal familiar  |         | 2014 |
| Tid   |         |      |
| Familietype   | Region  |      |
| Alle familiar                                       | Vaksdal | 1901 |
| Einpersonfamilie                                    | Vaksdal | 789  |
| Par utan barn                                       | Vaksdal | 482  |
| Par med små barn (yngste barn 0-5 år)               | Vaksdal | 173  |
| Par med store barn (yngste barn 6-17 år)            | Vaksdal | 195  |
| Par med vaksne barn (yngste barn 18 år og over)     | Vaksdal | 104  |
| Mor/far med små barn (yngste barn 0-5 år)           | Vaksdal | 36   |
| Mor/far med store barn (yngste barn 6-17 år)        | Vaksdal | 68   |
| Mor/far med vaksne barn (yngste barn 18 år og over) | Vaksdal | 54   |
| Andre familiar                                      | Vaksdal | 0    |

statistikk.ivist.no SSB tabell 06083

| <b>Born av eineforsytarar, andel i prosent</b>                 |           |           |           |           |           |           |
|--|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| År   | 2006-2008 | 2007-2009 | 2008-2010 | 2009-2011 | 2010-2012 | 2011-2013 |
| Geografi   |           |           |           |           |           |           |
| Heile landet   | 16,1      | 15,9      | 15,9      | 15,9      | 15,9      | 15,5      |
| Hordaland  | 14,8      | 14,6      | 14,5      | 14,4      | 14,3      | 13,8      |
| Vaksdal  | 14,6      | 15,7      | 16,2      | 16,8      | 16,7      | 16,4      |
| Kommunehelsa statistikkbank, Folkehelseinstituttet 26.06.2015. |           |           |           |           |           |           |

## B. Oppvekst- og levekår

**Det å stå utanfor arbeidslivet kan påverka helse og trivsel uavhengig av kva som er årsaka. (Folkehelsemeldinga)**

### Økonomi og helse

Hushaldet sin økonomi har stor innverknad på folkehelsa. Det slår Helsedirektoratet fast i sin Vegvisar til lokalt folkehelsearbeid. Statistisk sett blir helsa i befolkninga gradvis betre med aukande inntekt. Årsakene til dette kan forklarast ut frå utdanning, yrke, tilgang til helsetenester og sunt kosthald. Det kan også handla om helserelatert mobilitet (dårleg helse fører til avbroten utdanning, svak tilknytning til arbeidslivet og låg inntekt. Ei tredje forklaring på samanhengen mellom inntekt og helse, peikar på at lågtlønnsyrke ofte kan medføre store arbeidsmiljøbelastningar.

«Inntektsulikhetshypotesen» inneber at økonomiske forskjellar i seg sjølv er skadeleg for folkehelsa, fordi det medfører mindre samhald og sterkare kjensle av å ikkje strekkja til.

### Inntekt

Eit rimeleg nivå av levekår krev ei viss inntekt. Kommunen kan påverka innbyggjarane sin økonomi, mellom anna gjennom prisar på kommunale tilbod og tenester.

10,4 prosent av borna i Vaksdal kommune bur i låginntektshushald (EU-skala 60 prosent). Det vil seia hushald der inntekta er under 60 prosent av medianen etter EU sin skala. SSB-tabell 08764 for 2013 viser at Vaksdal har fleire born som lever i fattigdom enn kommunar som Fusa (6,1 pst), Austevoll (5,3) og Osterøy (8,3).

I 2014 melde NAV om 30 nye mottakarar av sosialhjelp, mot 24 nye året før.


### Arbeidsstyrke

Tal frå det lokale NAV-kontoret viser at Vaksdal kommune i oktober 2014 hadde ein brutto arbeidsstyrke på 2000 personar. Det vil seia 2000 personar i yrkesaktiv alder (18-67 år).

Av desse er 258 uførepensjonistar, 124 er mottakarar av arbeidsavklaringspengar, 160 er sjukmelde, 5 er arbeidsledige på tiltak og 39 er heilt arbeidsledige. Resten, det vil seia at 1414, er i ordinært arbeid.

Dei nyaste tala frå NAV Hordaland (juni 2015) viser at Vaksdal har 55 heilt arbeidsledige. Det utgjør 2,8 prosent av arbeidstyrken. Auken er på 10 personar (22 pst) i forhold til året før.

I Hordaland er arbeidsløysa på 3 prosent. Det er flest ledige innan industri og bygg og anlegg.



## Uføretrygd

I Vaksdal er andelen uføre 11,3 prosent av arbeidsstyrken (juni 2015). Det er høgast i Hordaland. Snittet i fylket er 7,7 prosent, som gjer Hordaland til er eit av fylka i Noreg med færrest uføretrygda. På landsbasis har andelen uføre halde seg stabilt på 9,4 prosent frå juni 2014 til juni 2015.

I juni 2015 har Vaksdal 274 uføre. Det er 16 fleire enn eit år tidlegare. Auken er på 6,2 prosent på eit år. På fylkesbasis har auke vore på 2 prosent.

*Frå desember 2009 til juni 2015 har talet på uføre i Vaksdal auka frå 201 til 274. Det er ein auke på 36 prosent. Arbeidsstyrken har auka med 2 prosent i same periode.*

Det er størst auke i talet på uføre i dei yngste aldersgruppene (under 30, og 30-39 år), og nedgang i talet på uføre over 60 år.

Kommuneoverlegen registrerer at ein del arbeidsløyse blir «kamouflert» gjennom uføretrygd. Ein som i årevis har hatt einsarta arbeid og vert råka av nedlegging, kan ha vanskar med å finna ny jobb i ein relativt trong arbeidsmarknad. Har vedkomande i tillegg slitasje/plager, er vegen til uføretrygd kort.

### Uføre i Vaksdal pr halvår 2010-2015

|        | under 30 år | 30-39 år | 40-49 år | 50-59 år | 60-64 år | 65-67 år | SUM |
|--------|-------------|----------|----------|----------|----------|----------|-----|
| 200912 | 6           | 7        | 28       | 59       | 76       | 25       | 201 |
| 201006 | 5           | 7        | 30       | 60       | 74       | 37       | 213 |
| 201012 | 7           | 9        | 30       | 63       | 74       | 43       | 226 |
| 201106 | 7           | 9        | 31       | 63       | 74       | 44       | 228 |
| 201112 | 9           | 10       | 33       | 69       | 70       | 45       | 236 |
| 201206 | 9           | 10       | 34       | 73       | 67       | 39       | 232 |
| 201212 | 7           | 12       | 34       | 77       | 57       | 43       | 230 |
| 201306 | 10          | 9        | 34       | 86       | 51       | 40       | 230 |
| 201312 | 8           | 11       | 36       | 86       | 64       | 32       | 237 |
| 201406 | 8           | 23       | 38       | 90       | 67       | 32       | 258 |
| 201412 | 10          | 26       | 39       | 98       | 72       | 25       | 270 |
| 201506 | 12          | 30       | 39       | 99       | 68       | 26       | 274 |

**\* Auke frå des.09 til jun.15 på 36%. Arbeidsstyrken auka med 2% i same periode.**

## Sjukefråvær

Høgt sjukefråvær har i mange år vore ei utfordring i Vaksdal kommune. Det legemeldte sjukefråværet (i prosent av avtalte dagsverk) var i 4.kvartal 2014 på 7,6 prosent i Vaksdal. Det er ein auke på 10 prosent frå året før, viser NAV Hordaland sin sjukefråværsstatistikk. Med 7,6 prosent ligg Vaksdal på 32. plass av fylket sine 33 kommunar. Hordalands-kommunane har i gjennomsnitt eit legemeldt sjukefråvær på 5,6 prosent, i heile landet er talet 5,4 prosent.

Det er markert kjønnsforskjell i sjukefråværet, og skilnaden har auka dei siste åra. Medan menn sitt sjukefråvær gjekk ned frå 5,5 til 5,2 frå 2010 til 2014, har kvinner sitt sjukefråvær i same periode auka frå 8,9 til 10,9 prosent.

Vaksdal kommune har i mange år jobba med å finna årsaker og å førebyggja det høge sjukefråværet.


## Legemeldt sjukefravær for arbeidstakarar, etter kjønn og næring

Sjukefravær i prosent

|         |                |                             | 2010K4 | 2014K4 |
|---------|----------------|-----------------------------|--------|--------|
| Vaksdal | <b>Menn</b>    | Alle næringar               | 5,5    | 5,2    |
|         |                | Primær- og sekundærnæringar | 5,8    | 4,4    |
|         |                | Tjenestenæringar            | 5,2    | 6      |
|         | <b>Kvinner</b> | Alle næringar               | 8,9    | 10,9   |
|         |                | Primær- og sekundærnæringar | 7,3    | 10,1   |
|         |                | Tjenestenæringar            | 9,2    | 11,1   |

SSB tabell 07905

Straumar mellom arbeidsmarknaden og velferdsordningane, Vaksdal oktober 2014.



Kjelde: NAV Vaksdal, 12/8-15.

## Arbeidsløyse

NAV Hordaland sin arbeidsmarknadsstatistikk oppdatert juli 2015 viser at Vaksdal kommune har 55 personar som er heilt arbeidsledige. Dei utgjer 2,8 prosent av arbeidsstyrken. I tal er det 10 fleire heilt ledige i juli 2015 enn same månad året før, ein auke på 22 prosent.

Arbeidsmarknaden er strammare enn før. I løpet av juli 2015 vart det på nav.no registrert 1 ledig stilling i Vaksdal kommune. Det er ei endring frå same tid i fjor på minus 89 prosent.

KOSTRA-tal viser at Vaksdal i desember 2014 hadde 2,2 prosent arbeidsledige i aldersgruppa 15-74 år. Den yngste gruppa (15-29 år) hadde høgst ledigheit (3,1 prosent), men ikkje høgare enn same aldersgruppe i samanliknbare kommunar som Øygarden (6,2 pst) og Samnanger (3,9 pst). Tala er henta frå KOSTRA/SSB tabell 10540.

## Dei yngste

Barnehagar av god kvalitet er viktig for born og unge si fysiske og psykiske utvikling. Barnehagen kan bidra til å redusera sosiale ulikskapar i helse gjennom å utjamna sosiale skilnader i læring og følgje opp barn som har behov for tidleg hjelp (Folkehelsemeldinga, St.meld. 19). Barnehagen har særleg god effekt på språkutviklinga hjå born som har foreldre med låg utdanning og låg inntekt og born med innvandrarbakgrunn.

| <b>Minoritetsbarn i barnehage</b>  |           |      |
|--|-----------|------|
|  |           | 2014 |
| Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til innvandrerbarn 1-5 år   | Hordaland | 70,8 |
|  | Fusa      | 65   |
|  | Vaksdal   | 85,2 |
|  | Osterøy   | 51,5 |
|  | Øygarden  | 46,9 |
| Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehage | Hordaland | 11,2 |
|  | Fusa      | 7,7  |
|  | Vaksdal   | 11,9 |
|  | Osterøy   | 8,1  |
|  | Øygarden  | 5,4  |

statistikk.igest./ SSB tabell 04903

## Barnehage

Kommunen driv barnehage på Stamnes, Dale, Stanghelle og Vaksdal. Det viser seg at andelen born i alderen 0-5 år som går i barnehage er lågare i vår kommune enn på landsbasis. I samanliknbare kommunar som Austevoll, Fusa og Øygarden går fleire av borna i barnehage. Det er mellom dei yngste borna (1-2 år) det er størst skilnad mellom Vaksdal og andre kommunar. I 2013 var om lag 60 prosent av 1-5 åringane i Vaksdal kommune i barnehage, medan andelen var kring 80 prosent i Øygarden og Austevoll.

I 2014 var andelen born 1-5 år i barnehage auka til 87,3 i Vaksdal kommune. Prosentandelen er 94,7 hjå dei eldste barnehageborna (3-5), men nede på 71,4 for dei yngste (1-2 år).

## Barnehagedekning

|  | Kommune   | 2001 | 2005 | 2010 | 2014 |
|--|-----------|------|------|------|------|
| Andel barn 1-5 år med barnehageplass                                 | Hordaland | 59,6 | 73,6 | 88,6 | 91,1 |
|  | Fusa      | 77,5 | 80,7 | 90   | 91,3 |
|  | Austevoll | 56,7 | 71,4 | 86,5 | 89   |
|  | Vaksdal   | 70   | 72,6 | 83,3 | 87,3 |
|  | Øygarden  | 53,8 | 70,4 | 83,1 | 88,4 |
| Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år | Hordaland | 32,2 | 48,9 | 77,1 | 81,9 |
|  | Fusa      | 52   | 59,8 | 74,7 | 82,7 |
|  | Austevoll | 29,5 | 42,5 | 73,8 | 79,5 |
|  | Vaksdal   | 23,4 | 34,3 | 68,2 | 71,4 |
|  | Øygarden  | 13,7 | 39,4 | 70,6 | 78,6 |
| Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år | Hordaland | 77,7 | 89,6 | 96,7 | 97   |
|  | Fusa      | 95,1 | 93,8 | 98   | 96,7 |
|  | Austevoll | 78,2 | 92   | 97,2 | 94,9 |
|  | Vaksdal   | 95,4 | 92   | 93,6 | 94,7 |
|  | Øygarden  | 84,1 | 88   | 91,7 | 94,7 |

Kjelde:  
statistikk.igest/SSB  
tabell 06423

## Pedagogiske ressursar

Andel tilsette med barnehagelærer-utdanning er 28,1 i Vaksdal, og medan gjennomsnittet i Hordaland er 39,6 prosent. Av styrarane og pedagogiske leiarar er prosenten 85 i Vaksdal, 95,7 i heile Hordaland. Tal barn (korrigert for alder) per årsverk er 6,1 i Vaksdal, 6,3 i Hordaland. 17,1 prosent av barnehageborna i Vaksdal får ekstra ressursar til styrka tilbod til førskulebarn. Hordalandssnittet er 13,9 prosent. Tala er frå 2014, statistikk.igest (SSB-tabell 04903).

## Barn 0-22 år med barnevernstiltak, (omsorgs-/hjelpetiltak)

Barn med barnevernstiltak per 31.12. per 1 000 barn

|           |              | 2008 | 2014 |
|-----------|--------------|------|------|
| Samnanger | Tiltak i alt | 20   | 42,5 |
| Austevoll | Tiltak i alt | 10,7 | 7,5  |
| Vaksdal   | Tiltak i alt | 35,5 | 24,2 |


SSB tabell 09073

## Pendling

Kvar femte arbeidstakar i Vaksdal pendlar inn til kommunen, ifølgje KommuneProfilen.no. Andelen var 22,5 prosent i 2014. Frå 2000 til 2014 har talet på innpendlarar gått noko ned (frå 399 til 302). Samstundes har talet på sysselette med arbeidsstad i kommunen totalt sett gått ned, slik at andelen innpendlarar har halde seg konstant.

Vaksdal er ein pendlarkommune. Talet på utpendlarar har dei siste 14 åra auka frå 551 til 892. Dei som pendlar ut av kommunen utgjer ein andel på 46,2 prosent av sysselette busett i kommunen. Pendlingsbalansen (innpendlarar minus utpendlarar) er på minus 44 prosent.

## Innpending, utpending og pendlingsbalanse. Vaksdal 2000-2014.



Tabell utarbeidd av KommuneProfilen, datakjelde: SSB.

## Næringsliv

Helse- og sosialtenester har flest sysselette i kommunen, 356 i 2014. Deretter følgjer industri med 222 tilsette. Varehandel, motorverkstader, transport, undervisning og offentlig administrasjon bidreg også med over 100 arbeidsplassar kvar. Talet på industriarbeidsplassar har gått ned frå 338 i 2008 til 222 i 2014.

## Arbeidsplassar etter næring

Begge kjønn

| Tid     |  | 2008 | 2014 |
|---------|--|------|------|
| Region  | Næring                                     |      |      |
| Vaksdal | Alle                                       | 1506 | 1341 |
|         | Primærnæringane                            | 67   | 45   |
|         | Bergverksdrift og utvinning                | 0    | 0    |
|         | Industri                                   | 338  | 222  |
|         | Elektrisitet, vatn og renovasjon           | 86   | 98   |
|         | Bygge- og anleggsverksemd                  | 72   | 64   |
|         | Varehandel og motorvognreparasjonar        | 120  | 126  |
|         | Transport og lagring                       | 104  | 103  |
|         | Overnattings- og serveringsverksemd        | 14   | 12   |
|         | Informasjon og kommunikasjon               | 8    | 7    |
|         | Finansiering og forsikring                 | 6    | 5    |
|         | Teknisk tenesteyting og eigedomsdrift      | 27   | 20   |
|         | Forretningsmessig tenesteyting             | 59   | 38   |
|         | Offentleg administrasjon, forsvar og sosia | 90   | 107  |
|         | Undervisning                               | 127  | 107  |
|         | Helse- og sosialtenester                   | 358  | 356  |
|         | Personleg tenesteyting                     | 23   | 24   |
|         | Uoppgeve                                   | 7    | 7    |

statistikk.igest, SSB-tabell 08536

### Kommunebarometer

I 2015 ligg Vaksdal kommune som nummer 426 på kommunebarometeret. Det er ei måling sett saman av Kommunal Rapport. Målinga omfattar 12 sektorar og 123 ulike nøkkeltal for kommunal tenesteproduksjon, og er justert for inntektsnivå.

### Helsetenester

Helsedirektorat understrekar at «eit godt samarbeid mellom skulen og skulehelsetenesta er viktig for den enkelte elev som har helsemessige utfordringar». Helsestasjons- og skulehelsetenesta bør vera lett tilgjengeleg for born, unge og deira foreldre, og dei tilsette bør ha nødvendig kompetanse og ressursar, heiter det i «Vegvisar i lokalt folkehelsearbeid» (Helsedirektoratet). Å satsa på desse tenestene kan vera å auka kapasitet, tilgjenge og oppfølgingstid, og korta ned ventetida for timeavtale.

---

## KOSTRA: Helsetenester for barn og ungdom

| År  |           | 2005 | 2010 | 2014 |
|---|-----------|------|------|------|
| Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta                 | Hordaland | 634  | 2486 | 1497 |
|   | Vaksdal   | 233  | 1959 | 3194 |
| Netto driftsutg til førebygging, helsestasjons- og skulehelsetj. pr. innb 0-20 år | Hordaland | 494  | 2060 | 3320 |
|   | Vaksdal   | 756  | 1961 | 3196 |

KOSTRA (SSB tabell 04904)

---



## Grunnskule


Kommunen har fem skular fordelt på Dale, Stanghelle, Vaksdal, Stamnes og Eksingedalen. Ved skulestart 2015 var det samla elevtalet 503 i grunnskulen i Vaksdal kommune. Den største skulen er Dale barne- og ungdomsskule med 234 elevar. For elevane på Eidslandet kjøper kommunen skuleplassar i Modalen.

Behovet for restaurering av barne- og ungdomsskulen på Dale har aktualisert behovet for å drøfta også skulestruktur. I kunnskapsgrunnlaget for strukturdebatten går det fram at viss prognosane med «middels vekst» slår til, vil Vaksdal ha 128 fleire innbyggjarar i gruppa 0-15 år i 2040 samanlikna med i dag. Ut frå denne prognosen vil det vera 577 elevar i grunnskulen i 2040. Auka krav til pedagogisk kompetanse og tverrfagleg samarbeid er også moment i strukturdebatten.

## Nasjonale prøvar

Resultata for 5.årssteg viser at elevane i Vaksdal har litt færre elevar på høgste mestringsnivå i lesing og i engelsk enn landssnittet, men litt fleire enn snittet på høgste nivå i rekning. Til gjengjeld var det også litt fleire på lågaste nivå i rekning, og færre på det mellomste nivået.

Nasjonale prøvar for 8. årssteg viser same tendens, med litt svakare enn landssnittet i engelsk og norsk, og litt betre resultat i rekning.



## Trivsel

Elevundersøkinga frå Utdanningsdirektoratet (2013) viser at elevane i Vaksdal vurderer skulekvardagen sin som positiv. Dei trivst og opplever støtte frå læraren og har støtte heimanfrå. Læringskulturen er god.

Ungdata si undersøking i 2015 viste at ein høg andel (93 pst) trivst på ungdomsskulen. Det er det same som landssnittet. Ungdomar i Vaksdal gjer meir lekser enn landssnittet, men brukar i mindre grad helgene til lekser. Færre har skulka skulen enn elles i landet, men færre trur dei vil ta høgare utdanning. I staden er det fleire som vil ta fagbrev.

---

## Skoleporten - Karakterar

| Skuleår                       |        |           | 2008-2009      | 2013-2014      |
|-------------------------------|--------|-----------|----------------|----------------|
| Måltal                        |        |           | Karakter/antal | Karakter/antal |
| Fag                           | Kjønn  | Kommune   |                |                |
| Matematikk standpunkt         | Gutter | Hordaland | 3,5            | 3,5            |
|                               |        | Vaksdal   | 3,3            | 3,5            |
|                               | Jenter | Hordaland | 3,6            | 3,7            |
|                               |        | Vaksdal   | 3,4            | 3,3            |
| Norsk hovedmål standpunkt     | Gutter | Hordaland | 3,6            | 3,6            |
|                               |        | Vaksdal   | 3,4            | 3,6            |
|                               | Jenter | Hordaland | 4,2            | 4,2            |
|                               |        | Vaksdal   | 4,4            | 4,2            |
| Grunnskolepoeng, gjennomsnitt | Gutter | Hordaland | 38,7           | 39,1           |
|                               |        | Vaksdal   | 34,8           | 37             |
|                               | Jenter | Hordaland | 42,2           | 42,7           |
|                               |        | Vaksdal   | 41,9           | 40,3           |

SSB/Skoleporten

---

### Fråfall

Helsedirektoratet seier at unge sitt fråfall frå vidaregåande opplæring utgjer ei stor folkehelseutfordring. Dette fordi tilknytning til skule og arbeidsliv er sentralt for unge si helse og livskvalitet. Nokre grupper har høgare risiko for å ikkje fullføra vidaregåande. «Dette er elevar med svake grunnskulekarakterar, elevar med lågt utdanna foreldre, gutar, minoritetsspråklege elevar med manglande norskkunnskapar og yrkesfagelevar med dårlege grunnferdigheiter. Det er sosiale skilnader mellom dei som gjennomfører og dei som ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring», slår Helsedirektoratet fast.

I Vaksdal kommune er utdanningsnivået lågare enn snittet, men fråfallet frå vidaregåande er likevel lågare fylkesgjennomsnittet. I 2011-2013 var fråfallet 21 prosent i Vaksdal, 23 i Hordaland, og 24 og 29 prosent i høvesvis Austevoll og Øygarden.

---

### Fråfall i vidaregåande skule

| År  |           | 2005-2007 | 2008-2010 | 2011-2013 |
|---|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Variabel<br>andel (prosent),<br>standardisert | Geografi  |           |           |           |
|   | Hordaland | 23        | 23        | 23        |
|   | Samnanger | 20        | 23        | 22        |
|   | Austevoll | 20        | 15        | 24        |
|   | Vaksdal   | 22        | 24        | 21        |
|   | Øygarden  | 24        | 31        | 29        |

Statistikk.igest/SSB via khs.fhi.no

---

## Utdanning

Andelen med grunnskule som høgste fullførte utdanningsnivå er 33,7 prosent i Vaksdal kommune, mot 27,3 på landsbasis. 47 prosent har vidaregåande som høgste utdanning, medan landssnittet er 41,3. Kort universitets-/høgskuleutdanning har 16,2 prosent fullført i Vaksdal, medan andelen er 22,7 i landet totalt. 3,1 prosent av vaksdalingane har fullført ei lengre universitets-/høgskuleutdanning (meir enn 4 år). Gjennomsnittet i Noreg er 8,7 prosent.

Andelen med berre grunnskule i kommunen har gått ned frå 38,3 til 33,7 prosent frå 2004 til 2014, andelen med berre vidaregåande har halde seg stabil på 47,8/47 prosent. Gruppa med inntil 4 år på høgskule/universitet har auka frå 12,2 til 16,2 prosent, og meir enn 4 år høgskule/universitet har stige frå 1,7 til 3,1 prosent.

I Vaksdal er det fleire kvinner enn menn som berre har grunnskuleutdanning. Litt fleire menn enn kvinner har vidaregåande som høgste utdanning, medan det er fleire kvinner enn menn som har teke universitets- og høgskuleutdanning. Slik sett er det større skilnader mellom kvinnene i kommunen, som har fleire i gruppene lågt- og høgt utdanna. Medan mennene har ein større andel i mellomsjiktet (vidaregåande).

| Personer 16 år og over, etter kjønn og utdanningsnivå |             |         |      |      |
|---|-------------|---------|------|------|
| I prosent   |             |         |      |      |
| Vaksdal   | Alle nivåer | Menn    | 100  | 100  |
|   |             | Kvinner | 100  | 100  |
| Grunnskolenivå  |             | Menn    | 36   | 32,9 |
|   |             | Kvinner | 40,6 | 34,5 |
| Videregående skole-nivå                               |             | Menn    | 50,7 | 51,1 |
|   |             | Kvinner | 45   | 42,8 |
| Universitets- og høgskolenivå kort                    |             | Menn    | 11,3 | 12,8 |
|   |             | Kvinner | 13   | 19,6 |
| Universitets- og høgskolenivå lang                    |             | Menn    | 2    | 3,1  |
|   |             | Kvinner | 1,4  | 3,1  |
| Uoppgitt eller ingen fullført utdanning               |             | Menn    | --   | --   |
|   |             | Kvinner | --   | --   |

SSB tabell 09429

## Helsestasjon

Leiande helsesøster opplyser at dei aller fleste familiar kjem til alle kontrollar og vaksiner. Dei har inntrykk av at foreldre tek kontakt dersom dei lurar på noko og er flinke til å bruka helsestasjonen. Spørsmål om søvn, mat og grensesetjing er vanlege. Helsestasjonen er eit gratis lågterskeltilbod. Helsestasjonen arrangerer småbarnstreff, der vaksne og born kan møte andre, prata og leika, og ta opp aktuelle tema med ulike fagpersonar. Helsestasjonen har Facebook-side, der det vert lagt informasjon om småbarnstreff og artiklar relevante for småbarnsforeldre.

## Skulehelseteneste

Helsestasjonen i Vaksdal har utarbeidd «Plan for skulehelsetenesta», som seier kva type tenester dei ulike alderstrinna skal ha i løpet av eit år. Det er basisundersøking med hørselstest for førskuleborn, og ei rekkje helsesøstersamtalar, undersøkingar og vaksiner i løpet av dei 10 årstrinna på skulen. Helsestasjonen følgjer Helsedirektoratet sine tilrådingar for kontrollar.

## **C. Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø**

I kvardagslivet er me omgjevne av mange kjemiske stoff, både naturlege og menneskeskapte, nyttige og uynskte, og ufarlege og potensielt farlege for folk si helse og for miljøet rundt oss.

**Gode lokalsamfunn har stor innverknad på livskvalitet og utvikling av sosiale nettverk som bidreg til trivsel, tilhøyrigheit og god helse. (Folkehelsemeldinga)**

### **Drikkevatn**

I folkehelseprofilen kjem Vaksdal kommune dårleg ut når det gjeld drikkevasskvalitet.

Vaksdal har fire kommunale vassverk. Desse forsyner om lag 85 prosent av innbyggjarane. Resten av befolkninga får vatn frå private vassverk og eigne brønnar. To av dei kommunale vassverka er godkjende (Dale/Stanghelle og Stamnes), dei to andre er ikkje godkjende (Vaksdal og Eidsland vassverk). Det vert rutinemessig teke vassprøvar kvar 14. dag ved dei to største vassverka, månadleg på dei mindre vassverka.

Dei to vassverka som ikkje er godkjende, har målt avvik i kvalitet. Både Vaksdal og Eidsland har låg pH-verdi. I tillegg er det i periodar større avvik, mellom anna bakterieinnhald, som gjer det nødvendig med kokepåbod i periodar.

### **Vassverk og varsling**

Det er gjort vedtak om bygging av nytt vassverk (og ny vasskjelde) for Vaksdal-området, med grunnvatn frå Sædalen. Detaljplanlegginga er i gang, og nytt vassverk er venta ferdig 2016/17. Då vert Boge reservevassforsyning.

Kommunen har innført befolkningsvarsling på sms/talemelding, som varslar abonnentane når drikkevatnet kan vera av helsefarleg kvalitet.

### **Radon**

Kommunen gjennomførte vinteren 2000/2001 ei kartlegging av radon i inneluft i Vaksdal kommune. 9 prosent av husstandane deltok, og 5 prosent av desse hadde ein radonkonsentrasjon høgare enn anbefalt tiltaksnivå på 200 Bq/m<sup>3</sup> luft. Fleire huseigarar i kommunen vart tilrådde å gjera førebyggjande tiltak, fordi radon i inneluft aukar risikoen for lungekreft. Deler av kommunen har eit radonproblem, var konklusjonen i 2001. Den gongen viste kartlegginga at Eidsland har høgt sannsyn for høge radonkonsentrasjonar, Dale og Vaksdal har middels høg, og Stanghelle, Eksingedalen, Stamneshella, Straume og Bergsdalen er område med lågt sannsyn for høge radonverdiar. Etter 2001 vart kommunale bygg målt, og det vart iverksett tiltak i dei bygga som hadde forhøga verdi.

I nyare tid er tettstaden Vaksdal og Sædalen markert med høg aktsemdsgrad i radonkart frå Norges Geologiske Undersøkelser. Også nokre punkt på Dale har høge verdiar.


Grensa for anbefalt tiltaksnivå har også blitt skjerpa til 100 Bq/m<sup>3</sup>.

## Klima

Energi- og klimaplan 2011-2015 skisserer 69 tiltak i perioden. Om lag 25 av dei er gjennomført. Planen skal rullerast i 2016. Det er gjeve tilskot til 56 private vedomnar (utskifting av oljefyr) og kjøp av 1 elbil til heimesjukepleie.

Den største utsleppkjelda i Vaksdal er vegtrafikk, som står for 66 prosent (17.000 tonn CO<sub>2</sub> ekv. i 2009) av det totale klimagassutsleppet. Det er i hovudsak trafikk som passerer forbi på E16, og difor lite kommunen kan gjera noko med sjølv. Jordbruk kjem som nummer to med 14 prosent, der metan frå gjødsel og myr utgjer ein viktig del.

Det vert framleis nytta noko olje og parafin som oppvarmingskjelder for industrien, bygg og faste installasjonar. (Tal frå energi- og klimaplanen, basert på SSB-statistikk og kommunale tal for busetnad, trafikk, næring osv.)



## Friluftsliv

Vaksdal sin frodige natur, frå fjord til fjell, innbyr til aktivitet og friluftsliv. Kommunen har tilrettelagt med turkart og fiskekart, og saman med Bergen og omland Friluftsråd laga bryggeanlegg for kajakk på Stanghelle. Det finst små jungelløyper på Helle, Småbrekke og i elveparken på Dale og i Skipshelleren.

Fiska kan ein gjera både i fjorden, i Daleelva og andre elvar i kommunen, og i ei rekkje fjellvatn. Kommunen er også ein del av sykkelruta Den grønne Sløyfa. Det finst fleire turkart og merka stiar, og alle husstandar fekk i 2007 boka «Turar i Vaksdal», med 13 turforslag til klassiske turar for dei fleste, spreidd rundt omkring i kommunen.



I 2015 opna elveparken i Sandliane på Dale, med bord og benker i stein, med jungelløype for borna og eit inngjerda område for aktivitetar med hund. Lokale pensjonistar gjorde ein stor dugnadsinnsats for å få i stand elveparken.

### Organisasjonar

I Frivillighetsregisteret var det i 2014 registrert 34 frivillige organisasjonar i Vaksdal kommune. 12 innan kultur, 7 innan idrett, 4 lokalsamfunnsutvikling, 3 rekreasjon/sosiale foreiningar, 2 sosiale tenester, to barne- og ungdomsorganisasjonar, og ein av kvar innan næringsliv, natur- og miljøvern, interesseorganisasjonar og politiske organisasjonar. Truleg finst det fleire lag i Vaksdal som ikkje er registrerte.

### Idrett

Turbinen fleirbrukshall opna januar 2014. Det er Vaksdal kommune si storstove for idrett og anna kultur, med plass for ulike ballidrettar og styrketrening. I Dale barne- og ungdomsskule ligg symjebassenget som er ope for alle. I kommunen er det fleire idrettslag som tilbyr ei rekkje treningsaktivitetar for sine medlemmer. Dei største idrettsanlegga med fotballbanar og klubbhus finst på Vaksdal, Dale og ein ny aktivitetspark på Stanghelle.



### Kultur

Vaksdal kulturskule underviser i musikk og song, visuell kunst og skiving. Kulturskulen har teaterframvisningar, konsertar og Kulturskuleveka som eit stort årleg prosjekt. Dalekunst er eit samarbeid mellom kulturskulen og ungdomsskulen. «Dalekunst handlar om å ta ungdomskultur på alvor». Ungdommens Kulturmønstring er eit samarbeid mellom kommunen og kulturskulen.



Vaksdal barne- og ungdomskorps, Kordial og Dale Musikkforening kjøper dirigenttenester frå kulturskulen. Større konsertar og framsyningar vert gjerne lagt til Turbinen, som har scene og lydanlegg. Kunstlaget i Vaksdal driv Galleri Gatå, arrangerer kurs og utstillingar. I løpet av året er det fleire store kulturarrangement i kommunen, slik som Daledagane, Vintertreffet på Vaksdal, Bergsdalsdagane og fiskefestival på Stamnes.

Innbyggjarane i Vaksdal låner færre bøker på biblioteket enn den jamne hordalending. Ventelista til kulturskulen er kort, og andelen 6-15 åringar som er elevar ved kulturskulen er 18,9 prosent, og høgare enn fylket elles (13 pst). Kulturplan 2016-2019 skal opp til godkjenning i kommunestyret hausten 2015.

### Kultur (KOSTRA-nivå 3)

| År  |           | 2008    | 2011    | 2014    |
|---|-----------|---------|---------|---------|
| Tal kinoframsyingar                                       | Hordaland | 30935   | 28171   | 30217   |
|   | Vaksdal   | 15      | 4       | -       |
| Tal kinosalar   | Hordaland | 70      | 38      | 50      |
|   | Vaksdal   | 1       | 1       | -       |
| Tal kommunale fritidssenter                               | Hordaland | -       | 58      | 46      |
|   | Vaksdal   | -       | -       | 3       |
| Fritidssenter, tal timar opne per veke i snitt            | Hordaland | -       | -       | -       |
|   | Vaksdal   | -       | -       | 6       |
| Boksamling, tal bøker i folkebibliotek                    | Hordaland | 1610000 | 1582352 | 1456815 |
|   | Vaksdal   | 29062   | 43064   | 18271   |
| Tal elevar i kommunen sin musikk- og kulturskule          | Hordaland | 11942   | 10475   | 9291    |
|   | Vaksdal   | 173     | 161     | 95      |
| Tal elevplassar i musikk- og kulturskule                  | Hordaland | 13235   | 11368   | 10472   |
|   | Vaksdal   | 173     | 161     | 107     |
| Sum årlege opningstimar i kommunale fritidssenter 6-20 år | Hordaland | -       | 44044   | 38100   |
|   | Vaksdal   | -       | -       | 720     |

statistikk.igest, SSB tabell 04692

### Kulturminne

På Straume på Stamnes finst ein 7000 år gamal steinalderbustad. Skipshelleren er av dei mest funnrrike på Vestlandet. Kommunen har lagt til rette med toalett, bryggje og aktivitetsbygg ved sjøen. Kvart år opplever om lag 300 born det guida opplevingsproduktet «På jakt etter steinalderen».

Vaksdal har mange viktige kulturminne knytt til fjordkultur, fiske, landbruk og sanddrift. Åtte laksegiljer er framleis intakte. På gardane er det mange gjenstandar som syner leveviset og historia til området. Kulturminneplan 2015-2018 kjem til godkjenning i kommunestyret hausten 2015.

### Fabrikkmiljø

Frå 1880-åra fekk ein store fabrikkmiljø på Dale og på Vaksdal bygd på kraft frå vassdraga. Tekoindustrien på Dale og mølledrifta på Vaksdal gav arbeid til alle, og var livsnerva i bygdene. Samstundes var dette arbeidsplassar med kjemikaliar og støv, og eit langt arbeidsliv i fabrikkane kunne gje alvorlege helseplager.

## **Ungdom**

65 prosent av ungdomane (8-10. årstrinn) seier dei er fornøgde med lokalmiljøet i Ungdata-undersøkinga 2015. Det er litt lågare skår enn landssnittet i 2014. Lokal ungdom ønskjer seg fleire samlingsstader.

69 prosent tykkjer det er bra tilbod av idrettsanlegg, men berre 15 prosent meiner det er eit godt kulturtilbod til ungdom. Det er markert lågare skår enn landet elles (61 pst).

Ni av ti ungdomar i Vaksdal opplever nærområdet sitt som trygt. Sju av ti er aktive i fritidsorganisasjonar (idrett, musikk) og 84 prosent er fysisk aktive kvar veke.

16 prosent kryssar av for at dei er plaga av einsemd. Det er litt færre enn landssnittet (18 pst).

5 prosent svarar at dei har blitt utsett for mobbing (plaging/truslar/utfrysing). Landssnittet er 9 pst.

## **Nasking**

I Ungdata-undersøkinga sitt spørsmål om nasking, svara 16 prosent av ungdomane at dei hadde «tatt med seg varer frå butikk utan å betala». Det er meir enn dobbelt så mange som på landsbasis (7 pst). Også når det gjeld innbrot ligg ungdom i Vaksdal høgt (5 prosent) mot landet elles (1 pst).

## **Kriminalitet**

Talet på politisaker (inkl. undersøking) totalt i Vaksdal har auka i åra frå 2010 til 2014 (frå 152 til 223 saker). Auken skuldast først og fremst fleire trafikksaker. Det har vore hyppigare kontrollverksemd langs stamvegen.

Statistikk for politidistriktet viser at dei fleste kriminalitetstypar har halde seg stabile i Vaksdal. Det er små tilhøve og låge tal, så dei prosentvise variasjonane kan likevel bli store.

Statistikk utarbeidd av Voss lensmannskontor (ikkje vedlagt pga små tal) viser utviklinga og fordelinga av sakene i kategoriane miljø, narkotika, skadeverk, trafikk, undersøkingar, vinning, vald, økonomi, sedelegheit og annan kriminalitet. Totalt for Voss politidistrikt (Voss, Vaksdal, Granvin og Ulvik) er det ein relativt høg del SO-saker, opplyser politiet. Det vil seia sedeleg- og overgrepssaker, inkludert familievald.

## **Lovbrot og misferder**

Ifølgje statistikk.ivist vert det årleg politimeldt 61 lovbrøt i Vaksdal kommune, eit gjennomsnitt på 14,7 per 1000 innbyggjarar. I Samnanger er høvestalet 16 per innbyggjar, og i Austevoll 12,8.

Når det gjeld misferder (forseelser) har Vaksdal langt høgare tal. Denne kategorien mindre lovbrøt er nær tredobla frå 2009-2012 til 2013-2014. Misferd kan mellom anna vera knytt til forhold i trafikken.

Med E16 gjennom kommunen betyr det at trafikantar heimehøyrande i andre kommunar enn Vaksdal også er med i statistikken for mindre lovbrøt funne stad innanfor Vaksdal sine kommunegrenser.



## Valdskriminalitet


| Vaksdal                            | 2007-2008 | 2010-2011 | 2013-2014 |
|------------------------------------|-----------|-----------|-----------|
| Toårsperiode (snitt)               |           |           |           |
| Valdskriminalitet                  |           |           |           |
| Tal anmelde lovbrøt                | 17        | 10        | 12        |
| Tal anmelde lovbrøt per 1000 innb. | 4,1       | 2,4       | 2,9       |

statistikk.igest

## Lovbrøt

Det er på eit år 211 lovbrøt totalt Vaksdal. 36 er annan vinningskriminalitet, 12 er vald, 6 handlar om narkotika, 126 er trafikklovbrøt og 32 er annan kriminalitet (økonomisk, seksual, skadeverk, miljø, arbeidsmiljø).

20 prosent av valds sakene i politidistriktet skjer i Vaksdal kommune. Det er ein høgare del i høve folketalet enn i kommunane Granvin og Ulvik. (Statistikk: Voss lensmannskontor).



## Vaksinasjonsdekning

Vaksdal har høg vaksinasjonsdekning samanlikna med gjennomsnittet i fylket.

| <b>Vaksinasjonsdekning i prosent</b> |           |           |           |           |           |
|--------------------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Alder                                |           | 2 år      |           | 9 år      |           |
| Femårsperiode (snitt)                |           | 2004-2008 | 2010-2014 | 2004-2008 | 2010-2014 |
| Vaksine                              | Geografi  |           |           |           |           |
| Difteri-vaksine                      | Hordaland | 90,6      | 7         | 91,6      | 10        |
|                                      | Vaksdal   | 96        | 76        | 95,4      | 14        |
| Hib-vaksine                          | Hordaland | 92,6      | 8         | -         | 5         |
|                                      | Vaksdal   | 97,6      | 5         | -         | 5         |
| Kikhoste-vaksine                     | Hordaland | 90,4      | 7         | 91,2      | 2         |
|                                      | Vaksdal   | 96        | 90        | 95,2      | 14        |
| MMR-vaksine                          | Hordaland | 90,4      | -         | 92,8      | -         |
|                                      | Vaksdal   | 94,2      | -         | 96,6      | -         |
| Polio-vaksine                        | Hordaland | 90,6      | 9         | 91,6      | 11        |
|                                      | Vaksdal   | 96        | 90        | 95        | 18        |
| Stivkrampe-vaksine                   | Hordaland | 90,6      | 7         | 91,6      | 10        |
|                                      | Vaksdal   | 96        | 76        | 95,4      | 14        |

Folkehelseinstituttet, Norsk vaksinasjonsregister 7. juli-2015

## Eldre

Fire nøkkelfaktorar som spesielt viktige for ei god aldring:

*Bruk hovudet. Beveg deg. Ver sosial. Et sunt.* (Folkehelseinstituttet)

## Sjukeheimar

Ved utgangen av 2014 hadde kommunen 64 sjukeheimplassar, 38 ved Daletunet, 22 på Vaksdal sjukeheim og 4 i Modalen. Det er tatt ei større investering i nye alarmsystem og sjuke-signalanlegg på sjukeheimane. Systema er tilrettelagt for å ta i bruk velferdsteknologi (Årsmelding 2014).

I samband med OU-prosjekt i einingane i helse og omsorg i 2014, er det sett i gang arbeid med å utvikla Vaksdal sjukeheim til ressurs-senter for demens. Daletunet skal verta Helsehus med korttids-/rehabiliteringsplassar og base for tenester med fokus på å bu heime og meistra dagleglivet sitt så godt som råd så lenge som mogeleg. Det vert vurdert korleis velferdsteknologi kan bidra til å nå målsetninga på desse to sentera.

## Heimetenesta

Me har mange eldre i kommunen, mange sjukehusinnleggingar og mange med diagnoser som krev oppfølging frå kommunehelsetenesta. Det er eit mål at fleire skal få bu heime så lenge som råd.

| Tal brukarar        | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|---------------------|------|------|------|------|
| Heimehjelp          | 213  | 204  | 201  | 194  |
| Heimesjukepleie     | 200  | 220  | 231  | 255  |
| Dagsenter           | 64   | 52   | 50   | 59   |
| Tryggleiksalarm     | 136  | 148  | 156  | 162  |
| Matombringing       | 45   | 43   | *68  | *81  |
| Avlastning          | 8    | 8    | 11   | 10   |
| Støttekontakt       | 21   | 22   | 23   | 15   |
| Omsorgsløn          | 16   | 15   | 14   | 14   |
| Personleg assistent | 8    | 9    | 9    | 12   |

\*Inkludert middag i kantine på Daletunet

Tabellen over er frå kommunen si årsmelding 2014. Den viser utviklinga i bruken av heimetenester frå 2011 til 2014. Færre har heimehjelp, fleire har heimesjukepleie, og fleire har fått tryggleiksalarm. Kommunen har fleire mottakarar av heimetenester samanlikna med andre (kommunegruppe 3, fylket, landet), særleg i aldersgruppa over 67 år.

## Valdeltaking

I Vaksdal er valdeltakinga lågare enn fylkessnittet og lågare enn i kommunar av same type/storleik. Minst skilnad er det ved stortingsval, der Vaksdal har 79 prosent valdeltaking, i Hordaland totalt 80,4. I kommunevalet i 2011 var valdeltakinga i Vaksdal 67,2 prosent. Det er litt høgare enn Hordaland (66,5), men noko lågare enn i kommunar som Samnanger, Austevoll og Øygarden. Valdeltakinga ved kommunevalet 2015 var 64,4 prosent i Vaksdal.

| Valdeltaking, stortingsval |      |      |      |
|----------------------------|------|------|------|
| Valdeltaking (prosent)     |      |      |      |
| Valår                      | 1993 | 2005 | 2013 |
| Geografi                   |      |      |      |
| Hordaland                  | 76,5 | 79,2 | 80,4 |
| Samnanger                  | 78,2 | 80   | 80,9 |
| Austevoll                  | 76,1 | 78,6 | 81,2 |
| Vaksdal                    | 79,1 | 80   | 79,1 |
| Øygarden                   | 80,1 | 80,8 | 81,7 |

statistikk.igest, SSB tabell 08243

| Valdeltaking, kommuneval |      |      |
|--------------------------|------|------|
| Valdeltaking (prosent)   |      |      |
| Valår                    | 2007 | 2011 |
| Geografi                 |      |      |
| Hordaland                | 64   | 66,5 |
| Samnanger                | 64,7 | 69,3 |
| Austevoll                | 72,8 | 72,9 |
| Vaksdal                  | 66,2 | 67,2 |
| Øygarden                 | 71,9 | 73,3 |

statistikk.igest, SSB tabell 09475

| Indikatorar for kjønnslikestilling |  |        |        |
|------------------------------------|--|--------|--------|
|                                    |  | 2008   | 2013   |
| <b>Vaksdal</b>                     | Andel barn 1-5 år i barnehage (prosent)                          | 74,3   | 82     |
|                                    | Kvinneandel blant kommunestyrerepresentantar (prosent)           | 38,1   | 28,6   |
|                                    | Andel menn med høgare utdanning (prosent)                        | 13,7   | 15,4   |
|                                    | Andel kvinner med høgare utdanning (prosent)                     | 18,1   | 22,1   |
|                                    | Andel menn (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)                 | 85,1   | 83,1   |
|                                    | Andel kvinner (20-66 år) i arbeidsstyrken (prosent)              | 78,6   | 77,4   |
|                                    | Gjennomsnittlig bruttoinntekt, menn (kr)                         | 350700 | 424200 |
|                                    | Gjennomsnittlig bruttoinntekt, kvinner (kr)                      | 225300 | 277100 |
|                                    | Andel sysselsette menn (20-66 år) som jobber deltid (prosent)    | 12,9   | 13     |
|                                    | Andel sysselsette kvinner (20-66 år) som jobber deltid (prosent) | 44,6   | 43,2   |
|                                    | Andel fedre som tar heile fedrekvoten eller mer av foreldrepenge | 48,8   | 67,5   |
|                                    | Grad av kjønnsbalansert næringsstruktur (skår)                   | 0,53   | 0,5    |
|                                    | Andel kvinner blant sysselsette i offentlig sektor (prosent)     | 73,8   | 74,3   |
|                                    | Andel kvinner blant sysselsette i privat sektor (prosent)        | 29,2   | 28,6   |
|                                    | Kvinneandel blant leiarar (20-66 år) (prosent)                   | 27,3   | 35,8   |
|                                    | Grad av kjønnsbalanse i utd.program på vidg. skule (skår)        | 0,59   | 0,58   |
| SSB tabell 09293. 10/8-15.         |  |        |        |

### Kjønnsfordeling, utdanning og inntekt

Nokre likestillingsindikatorar i Vaksdal (2013) samanlikna med landssnittet (SSB tabell 092939):

Kvinneandelen i kommunestyret i Vaksdal er 28,6 prosent, i landet 38,2.

Andelen med høgare utdanning både for menn (15,4) og kvinner (22,1) i Vaksdal er lågare enn landssnittet (M:26,2. K: 32,3).

Bruttoinntekta er lågare i Vaksdal enn landssnittet for både menn og kvinner. Medan menn i Vaksdal i 2013 i gjennomsnitt hadde 424.200 i bruttoinntekt, var landssnittet for menn 487.800. Kvinner i Vaksdal hadde 277.100 i bruttoinntekt, medan landssnittet for kvinner var 326.400.

### Deltid

Av 470 kommunalt tilsette er 380 kvinner og 90 menn (2013). Kommunen jobbar for å styrkja heiltidskulturen. I 2010 var gjennomsnittleg stillingsstorleik 67 prosent, og ved utgangen av 2014 var denne auka til 74 prosent. Det er dei tilsette i sjukeheimstenesta som har lågast gjennomsnittleg stillingsstorleik, 56 prosent i 2014.

41,3 prosent av dei kommunalt tilsette var heiltidstilsette i 2014, medan 58,7 jobba deltid, viser tal frå kommunen si årsmelding.

## **Flyktningar**

Vaksdal har busett om lag 100 flyktningar, inklusiv familiegjennforeining, frå 2009 til og med 2015. Det er også vedtak om å busetja inntil 20 personar i 2016. Flyktningane som bur i Vaksdal er hovudsakleg frå Eritrea og Syria. Det har ikkje vore problem å finna bustad, og dei fleste leiger hjå private. Svært få av dei som har blitt busett i Vaksdal har flytta frå kommunen.

Kommunen si avdeling for folkehelse og familie legg vekt på å gjera flyktningane sjølvhjelpne så raskt som råd. Alt første/andre veka dei bur her, startar dei sitt to-årige introduksjonsprogram med norsk- og ikt-opplæring, og etter kvart språkpraksis og arbeidspraksis. Dei fleste får utdanning og arbeid, men denne gruppa er den første som merkar det når arbeidsmarknaden strammar seg til.

## **Arbeid/utdanning**

Prosjekt «I jobb» vart avslutta i juni 2014. Vaksdal kommune hadde seks deltakarar, og resultatet var godt, i følgje kommunen si årsmelding. Fylkesmannen løyvde same år midlar til vidareføring av prosjektet.

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) har mål om at minst 55 prosent av flyktningane skal over i arbeid eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram. Landssnittet var 44 i 2014.

Vaksdal-statistikk for 2014 er ikkje offentleggjort pga små tal, men i 2013 var prosenten 33 i Vaksdal. Året før var andelen 80 prosent som gjekk over i arbeid/utdanning direkte etter avslutta program.



## **Barnevern**

Barneverntenesta har hatt auke i talet på meldingar og komplekse saker som krev langvarige og ressurskrevjande tiltak , ifølgje kommunen si årsmelding for 2014.

Andel undersøkingar med behandlingstid innan tre månader er 84 prosent i Vaksdal, mot 75 på fylkesbasis, 100 prosent i Samnanger og 75 prosent i Austevoll. Talet på barn til undersøking/tiltak er 17,9 per årsverk i Vaksdal, 10,9 i Austevoll og 30,0 i Samnanger. 42,2 prosent av undersøkingane fører til tiltak i Vaksdal (statistikk.ivest). Vaksdal sitt barnevern har fleire stillingar med fagutdanning per 1000 barn enn Samnanger og Austevoll.

## **Innemiljø**

I dag brukar folk om lag 90 prosent av tida innandørs, og innemiljøet har stor innverknad på helsa. Innemiljø handlar om temperatur, luftkvalitet, lyd, stråling og mekanisk miljø (utstyr), i tillegg til estetisk, psykologisk og sosialt miljø. Årsaker til dårleg innemiljø kan vera dårleg vedlikehald, byggkonstruksjon og reinhald. (Folkehelsemeldinga).

Dei fleste skular og barnehagar i Vaksdal kommune har godt inneklima (sjå vedlegg). Barnehagane på Vaksdal og Stanghelle har nye, gode bygg. Alle klasserom på Vaksdal skule har nye ventilasjonsanlegg (2010), men personalrom manglar ventilasjon. Stanghelle skule fekk nytt aggregat i 2009 og har godt inneklima, ifølgje oversikt frå avd. for samf.utvikling. Skuleanlegget på Dale fekk i 2014-15 nye aggregat for seks klasserom og montert avtrekk på komfyrar. Dale barnehage har dårleg inneklima og ventilasjonsanlegget skal skiftast i 2016. Både Stamnes skule, Stamnes barnehage og Eksingedalen skule har fått nye ventilasjonsanlegg i løpet av dei siste 5-10 åra.

## D. Skadar og ulukker

Det er behov for å forsterka innsatsen for å skapa eit godt og heilskapleg ulukkeførebyggande arbeid. Ein alvorleg skade i ung alder påverkar helsa resten av livet og gjev mange tapte leveår med god helse. (Folkehelsemeldinga)


### Personskadar behandla i sjukehus

Vaksdal har fleire personskadar som fører til sjukehusinnlegging enn gjennomsnittet for fylket og landet. Personskadar per 1000 har halde seg stabilt på litt over 13 per 1000 i fylket og landet (frå 2008 til 2013). I Vaksdal har talet auka frå 13,7 i 2008-10 til 15,1 i 2011-13.

Ulukker er den viktigaste årsaken til dødsfall for nordmenn under 45 år i Noreg. Born, unge og eldre er oftast råka av ulukker. Menn skadar seg oftare enn kvinner fram til 50 års alder. Med aukande alder blir skadar hyppigare blant kvinner, mellom anna med høg førekomst av hoftebrot.

Norsk pasientregister sin statistikk på landsbasis viser at 63 prosent av innrapporterte skader gjeld personar yngre enn 40 år. Den klart dominerande skadekategorien i alle aldrar er ulukkeskade (91,9 prosent). Skadar på grunn av vald og overfall skjer oftast for aldersgruppa 20-39. Andelen vilja eigenskade er også størst hjå dei unge vaksne mellom 20 og 39 år. Menn blir oftare skadd enn kvinner. Vanlegaste skadestad er «bustad/bustadområde», «veg, gate, fortau, gang og sykkelveg» og «sport- og idrettsområde». Dei yngste blir oftast skadd på skule eller idrettsområde, medan dei eldre oftare blir skadd i bustad og på institusjon (Kjelde: Personskadedata 2014, Norsk pasientregister).

### Spesialisthelsetjenesten, somatikk - Personskader *kjønn samlet, per 1000, standardisert, 2011-2013*



Kommunehelsa statistikkbanken, FHI 21.08.15.

## Skadetypar

Av 49 skadetilfelle i Vaksdal første fire månader i 2015, hamna 44 på Voss sjukehus og 5 på Haukeland Universitetssjukehus, (Personskadedata NPR/Helse Bergen). Skadetype kjem ikkje fram på kommunenivå. Av Voss sjukehus sine totalt 145 personskadetilfelle første tertial-15 var 97 «slag, støyt på grunn av fall», og 30 var «slag, støyt pga kontakt med gjenstand, menneske, dyr». Resten er fordelt på mindre grupper av klemskader, kuttskader eller andre skademekanismar.

Når det gjeld arbeidsulukker som har kravd behandling ved Voss sjukehus (totalt 51 i første tertial), er bygg- og anlegg høgst på statistikken (14). Deretter fylgjer industri, undervisning og helse- og sosialtenester med 6 kvar.

## Arbeidsulukker

Statistikkane som Arbeidstilsynet har over arbeidsulukker er ikkje på kommunenivå. Heller ikkje SSB sine statistikkar over yrkesskader er inndelt etter kommunar, berre i bransjar og næringar på regionnivå. For landet totalt er det dei fire næringane bygg og anlegg, jordbruk, skogbruk, fiske, transport og lagring og industri som har flest arbeidsskadedødsfall. Berre Indre Austland har fleire arbeidsskadedødsfall enn region Vestlandet, og utanlandske arbeidarar utgjer ein relativt stor del.

## Trafikkulukker

For Hordaland totalt gjekk talet på trafikkulukker med personskade ned frå 1138 i 2002 til 572 i 2013. I Vaksdal var talet på trafikkulukker 11 i 2002 og 4 i 2014.

Geodata AS sitt statistikk-kart på internett ([geodataonline.no/trafikkulykker](http://geodataonline.no/trafikkulykker)) viser alvorlege trafikkulukker siste 30 år (1983-2013) med skadegrad «alvorlig skadd» og verre. Det viser at mange av trafikkulukkene langs E16 har skjedd i Vaksdal kommune. Også langs fylkesveg 569 har det vore alvorlege trafikkulukker.


### Vegtrafikkulykker

Vaksdal

| År                          | 2000 | 2005 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 |
|-----------------------------|------|------|------|------|------|------|------|
| Ulykker                     | 6    | 10   | 9    | 6    | 6    | 5    | 4    |
| Dødsulykker                 | 1    | 0    | 2    | 3    | 0    | 0    | 1    |
| Skadde i alt (tal personar) | 12   | 15   | 9    | 7    | 5    | 8    | 12   |

kjelde: statistikk.igest/SSB tabell 10209





(Alvorlege trafikkulukker 1983-2013, Geodataonline.no/trafikkulykker)

### Trafikksikker kommune

Både E16 og fylkesvegane i kommunen har vore ulukke-utsette, og fokus på trafikktryggleik har vore ei prioritert oppgåve for kommunen. Vaksdal har inngått intensjonsavtale med Trygg Trafikk om å verta sertifisert som trafikksikker kommune. Det inneber innsats frå fleire sektorar. Vaksdal er ein av pilotkommunane i det nasjonale prosjektet med Trafikksikker kommune.

Trygg Trafikk skriv: «Kommunen er ein viktig aktør i arbeidet med å førebyggja trafikkulukker. Både som vegeigar, skule- og barnehageeigar, arbeidsgjevar og kjøpar av transporttenester har kommunen eit viktig ansvar. I tillegg har kommunen ei plikt til å arbeida tverretatleg og systematisk med trafikktryggleik».

Kommunen sitt utval for trafikktryggleik i samarbeid med naudetatane stod i 2015 bak eit kraftfullt arrangement for ungdom på Dale.

## E. Helserelatert åtfærd

Den største andelen av tidleg død og tapte leveår i den norske befolkninga skuldast hjarte-karsjukdomar, diabetes type 2, kroniske lungesjukdomar og kreft. Fysisk aktivitet, variert kosthald, ikkje-røyk og redusert alkoholbruk vil gje godt vern og redusera risikoen for utvikling av kroniske sjukdomar (Folkehelsemeldinga).

### Røyking

Statistikken frå FHI viser kor mange prosent kvinner som meldte at dei røykte ved første svangerskapskontroll. Talet på kvinner som røyker har gått nedover, også i Vaksdal, men kommunen har framleis litt fleire røykarar enn gjennomsnittet i fylket. Røyking i svangerskapet kan seia noko om røyking hjå kvinner i fertil alder. Elles er det få statistikkar om røyking i befolkninga.

I Ungdata 2015 vart ungdomar i 8.-10. årstrinn i Vaksdal kommune spurt om røykevanar. Sju prosent av dei som svarta sa at dei røykte kvar veke eller oftare. På landsbasis er det 3 prosent av ungdomane som røyker.

### Røyking, kvinner

andel (prosent), standardisert

| År        | 2002-2011 | 2003-2012 | 2004-2013 |
|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Geografi  |           |           |           |
| Hordaland | 14        | 12        | 10        |
| Vaksdal   | 17        | 14        | 13        |


Kommunehelsa statistikkbank, FHI.

### Snus

Andelen røykarar i befolkninga er på veg ned, men snus har overtek noko for røykinga. Snus er også avhengigheitsskapande og inneheld helseskadeleg stoff. I Vaksdal kommune har 9 prosent av ungdomane kryssa av for at dei brukar snus (Ungdata). På landsbasis er prosentdelen 5.

## DEFINISJONER:

- **Røyker:**  
Andel som svarer at de røyker «minst ukentlig» på spørsmålet: Røyker du?
- **Snuser:**  
Andel som svarer at de bruker snus «minst ukentlig» på spørsmålet: Snuser du?
- **Får lov til å drikke alkohol:**  
Andel som svare «Ja» på spørsmålet: Får du lov til å drikke alkohol av foreldrene dine.
- **Drukket seg beruset:**  
Andel som svarer at de minst én gang siste 12 måneder har «drukket så mye at de har følt seg tydelig beruset».
- **Blitt tilbudt hasj:**  
Andel som svarer «ja, flere ganger» eller «ja, én gang» på spørsmålet: Har du i løpet av det siste året blitt tilbudt hasj eller marihuana?
- **Brukt hasj:**  
Andel som svarer at de minst én gang siste 12 måneder har «brukt hasj eller marihuana».



ungdata

## Alkohol

Fem prosent av ungdomane i Vaksdal seier dei får lov av foreldra å drikka alkohol. 19 prosent seier dei har drukke seg rusa ( dvs: «minst ein gong siste 12 månader har drukke så mykje at dei har følt seg tydeleg berusa», Ungdata 2015).

124 elevar på 8.-10 årstrinn har svara på undersøkinga (svarprosent: 86). Det vil seia at det finst ei gruppe elevar som ikkje har svara på undersøkinga. Ifølgje Kompetansesenter for rus (KoRus) er born og unge som ikkje svarar på skuleundersøkingar ei gruppe som er underrepresenterte i statistikkane, og som viser seg har heilt andre tal for rus og andre problemstillingar enn gjennomsnittet.

KoRus sine undersøkingar på landbasis viser at alkoholbruken blant eldre aukar, samtidig som eldre utgjør ei stadig større del av befolkninga.

Ifølgje KoRus er alkohol utan samanlikning det største problemet sett i høve rus og folkehelse.

Alkohol medverkar til sjukdom, vald og ulukker, og alkoholforbruket er aukande (landsbasis).

## Narkotika

13 prosent av ungdomskuleelevane i Vaksdal har fått tilbud om hasj. Det er fleire enn på landsbasis. 7 prosent av dei som svara har brukt hasj eller marihuana minst ein gong det siste året, (på landsbasis er andelen 3 pst).

## Risikoåtfærd og vald

I Ungdata-undersøkinga for 2015 kjem det fram at heile 16 prosent har naska frå butikk. Det er langt høgare enn landsbasis, der andelen er 7 prosent. Fem prosent av Vaksdal-ungdomen har minst ein gong gjort innbrot («brote seg inn for å stela noko»). På landsbasis 1 prosent.

Fire prosent spraya ulovleg på vegger, tog eller buss, 14 prosent har vore i slåsskamp og 10 prosent har vore utsett for trugsmål om vald. 2 prosent har fått sår eller skade på grunn av vald. Vaksdal-ungdom sine tal for slåssing, trugsmål og skadar ligg lågare enn landsnittet.

### **Villmarksleir**

Vaksdal kommune har i 20 år hatt årleg villmarksleir på Småbrekke for 10-12-åringar, der borna får læra friluftsliv, klatra, fiska, bada, padla kano og gå fjelltur. Leiren, som er bygd i samarbeid med grunneigar, ligg på Småbrekke i Bergsdalen. Villmarksleiren har tre-lavvo og toalett som er ope for alle. Kommunen leiger ut området og kanoar til ulike grupper i fylket. Frå leiren går Militærvegen innover fjellet med T-merka ruter og hytter eigd av Bergen og Hordaland turlag. Området er lettgått for alle og er eit mykje nytta turområde i kommunen.



### **Mat og mosjon på skulen**

Skulane i Vaksdal tilbyr frukt og grønt via skulefrukt.no. Der vert føresette oppmoda til å melda seg på, men dei må sjølve stå for innbetaling og påmelding. Frukta kjem til skulen, som organiserer utdelinga.

Alle skulane i Vaksdal har ein time fysisk aktivitet i veka (5.-7. årstrinn) i tillegg til dei kroppsøvingstimane dei skal ha.

### **Mat og mosjon i barnehagen**

Årsplan for Vaksdal kommunale barnehage 2015-16 (avd. Dale, Vaksdal, Stanghelle og Stamnes) en viser at barnehagane legg vekt på eit normalt sunt og variert kosthald. Ein vanleg lunsj inneheld grovt brød og pålegg som ost, kjøtpålegg, leverpostein og makrell i tomat, i tillegg til agurk, tomat og paprika. Til drikke er det jus, mjølk og vatn. Alle barnehagane har eit fruktmåltid i løpet av dagen.

Fleire avdelingar har vore på Fiskesprell-kurs, for å læra å bruka meir fisk i barnehagen både som smørjemåltid og varmlunsj. Målet er å gje born og unge lyst til å eta meir fisk og sjømat. Barnehagane oppmodar også foreldra om å tenkja over kva borna har i nisteboksen til frukost. Barnehagen sine inne- og uteområde er utforma slik at dei fremjar born si motoriske utvikling. Det er areal og rom for leik og varierte aktivitetar og rom for rolege aktivitetar og kvile.



## Trening

Det finst seks idrettslag i kommunen: lokalisert på Dale, i Vaksdal, Stanghelle, Bergsdalen, Eksingedalen og Stamnes. Disse arrangerer ei rekkje treningar, konkurransar/turneringar og turar for både born, ungdom og vaksne.

Dei største idrettane er fotball, handball og langrenn. Det finst tilbod om småbarnstrim, idrettsskule, volleyball, zumba, tennis, badminton, trampet, landhockey, styrketrening, yoga og utlån av kajakk.

På Dale er det symjebasseng i konkurransesstorleik.

Vaksdal idrettsråd har samla og sett opp postar på 12 turar i kommunen, under vignetten «Fjelltrim i Vaksdal».



## F. Helsestilstand

Fysisk aktivitet er ein viktig førebyggjande faktor når det gjeld tidleg død og ei rekkje lidningar som hjarte- og karsjukdomar, høgt blodtrykk, overvekt og fedme, diabetes type 2 og nokre kreftformer. (Folkehelsemeldinga)

### Primærhelsetenesta

Folkehelseinstituttet skriv: «Bruk av primærhelsetenesta kan gje informasjon om helsestilstand og utbreiing av sjukdom. Dette kan igjen seia noko om bakanforliggjande faktorar som miljø og levevanar i befolkninga».

Vaksdal kommune kjem høgt på tabellen over hjarte- og karsjukdomar, høgare enn gjennomsnittet i Hordaland og i landet totalt sett.

**Hjarte- og karsjukdomsdiagnosar**, totalt per 1000, 2011-2013.


(Tal unike personar 0-74 år i kontakt med fastlege eller legevakt per 1000 innbyggjarar per år).

Heile landet: 104,8

Hordaland: 105,9

**Vaksdal: 127,8**

Legemiddelbrukere – kjønn samlet, 0-74 år, per 1000, standardisert, 2005-2007



### Spesialisthelsetenesta

Med 191,4 somatiske pasientar innlagt i somatiske sjukehus per 1000 innbyggjarar per år, ligg Vaksdal høgare enn gjennomsnittet i Hordaland (159) og i landet totalt (162,2). Vaksdal har fleire sjukehusinnleggingar både når det gjeld hjarte- og karsjukdomar, sjukdom i muskel/skjelett og bindevev og fleire personsaker.

«Sjølvs om dødelegheita av skader og ulukker har gått nedover sidan 1950-talet, er ulukkeskader framleis eit helseproblem, særleg mellom born, unge og eldre. Mellom ungdom og unge menn er trafikkulukker årsak til både redusert helse og tapte liv» (Folkehelseinstituttet).

Blant eldre er hoftebrot særleg alvorleg sidan det kan medføra redusert funksjonsevne og behov for hjelp. Andelen lårbeinsbrot i Vaksdal er om lag som fylkes- og landsnittet. Sjukehuspasientar med KOLS har kommunen færre av enn Hordaland og Noreg elles.

## Spesialisthelsetjenesten, somatikk

| Kjønn, samla |  | per 1000, standardisert |           |
|--------------|--|-------------------------|-----------|
| År           |  | 2009-2011               | 2011-2013 |
| Geografi     | Sykdomsgruppe                                |                         |           |
| Hordaland    | Totalt antall pasienter (alle diagnoser)     | 154,6                   | 159       |
|              | Hjerte- og karsykdommer (I00-I99)            | 18,7                    | 19,1      |
|              | Sykdom i muskel-skjelettsystemet og bindevev | 18,2                    | 18,6      |
|              | Personskader (S00-T35)                       | 13,2                    | 13,5      |
|              | Lårbensbrudd (inkl. hoftebrudd) (S72)        | 2,1                     | 2         |
| Vaksdal      | Totalt antall pasienter (alle diagnoser)     | 183                     | 191,4     |
|              | Hjerte- og karsykdommer (I00-I99)            | 17,9                    | 20        |
|              | Sykdom i muskel-skjelettsystemet og bindevev | 21,7                    | 21,3      |
|              | Personskader (S00-T35)                       | 14,3                    | 15,1      |
|              | Lårbensbrudd (inkl. hoftebrudd) (S72)        | 2,3                     | 2,1       |
|              | KOLS (J44)                                   | 1                       | 1,3       |

Folkehelsa, statistikkbank 29.08.2015.

### Kreft

Talet på nye krefttilfelle er høgare i Vaksdal enn i Hordaland og landet sett under eitt.

Medan det på landsbasis årleg vert diagnostisert 574,3 nye tilfelle per 100.000, er talet 578,1 i Hordaland og 587,2 i Vaksdal. Tala for lungekreft er lågare enn landsnittet, medan tala for kreft i fordøyelseorgana er høgare i Vaksdal enn landet totalt.

I Vaksdal er det verdt å merka seg skilnader mellom kjønn på kreftstatistikken. Medan mennene ligg under lands- og fylkessnittet, ligg kvinnene i Vaksdal høgare enn gjennomsnittet på tal nye krefttilfelle per 100.000. Rett nok er det færre kvinner i kommunen som får brystkreft enn i fylket og landet elles, men kvinnene i Vaksdal ligg høgare enn snittet både for kreft i fordøyelseorgan, tjukk- og endetarmskreft, kreft i lymfatisk og bloddannande vev og lungekreft.

Når det gjeld lungekreft er statistikken for menn i Vaksdal godt under lands- og fylkessnittet, medan kvinnene ligg langt over gjennomsnittet.

Det er ikkje forska på kvifor Vaksdal kjem høgt på kreftstatistikken, men ifølgje kommuneoverlegen kan det skuldast tilfeldige variasjonar i ein liten populasjon. Det kan også tenkjast ein samanheng med faktorar som røyking, radon og industri (kjemisk/støvpåverknad frå mjøl og tøy/farge). Lågare sosioøkonomisk status kan innebera risikofylte levekår i form av arbeidsmiljø, kosthald, røyking og andre levevanar.

## Kreft, nye tilfelle

per 100 000, standardisert

| År          | 2003-2012                                      |              |              |              |
|-------------|--|--------------|--------------|--------------|
| Geografi    | heile landet                                   | Hordaland    | Vaksdal      |              |
| Kjønn       | Krefttyper                                     |              |              |              |
| kjønn samla | <b>Totalt alle krefttyper (C00-96)</b>         | <b>574,3</b> | <b>578,1</b> | <b>587,2</b> |
|             | Kreft i fordøyelsesorganer (C15-26)            | 119          | 129,5        | 129          |
|             | Tykk- og endetarmskreft (C18-21)               | 77,6         | 87,5         | 92           |
|             | Lungekreft (C33-34)                            | 54,8         | 51,5         | 51,8         |
|             | Kreft i lymfatisk og bloddannende vev (C81-96) | 48,4         | 47,9         | 62,4         |
|             | Brystkreft (C50)                               | 59,8         | 58           | ↓            |
|             | Prostatakreft (C61)                            | ↓            | ↓            | ↓            |
| menn        | Totalt alle krefttyper (C00-96)                | 615,3        | 627,5        | 612,3        |
|             | Kreft i fordøyelsesorganer (C15-26)            | 123,9        | 134,5        | 133,5        |
|             | Tykk- og endetarmskreft (C18-21)               | 78,1         | 87,3         | 89,9         |
|             | Lungekreft (C33-34)                            | 63,5         | 63           | 47,3         |
|             | Kreft i lymfatisk og bloddannende vev (C81-96) | 53,7         | 51,7         | 68,9         |
|             | Brystkreft (C50)                               | 0,8          | 0,8          | ↓            |
|             | Prostatakreft (C61)                            | 178,2        | 177,7        | 165,5        |
| kvinner     | Totalt alle krefttyper (C00-96)                | 533,5        | 529,1        | 562,9        |
|             | Kreft i fordøyelsesorganer (C15-26)            | 114          | 124,5        | 124,5        |
|             | Tykk- og endetarmskreft (C18-21)               | 77,2         | 87,8         | 94           |
|             | Lungekreft (C33-34)                            | 46,2         | 40,2         | 56,9         |
|             | Kreft i lymfatisk og bloddannende vev (C81-96) | 43,1         | 44,1         | 55,9         |
|             | Brystkreft (C50)                               | 118,4        | 114,8        | 107          |
|             | Prostatakreft (C61)                            | ↓            | ↓            | ↓            |

Kolonner utan tal, anonymisert pga små tal.

Folkehelseinstituttet, kommunehelse statistikkbank.

## Diabetes

Bruken av diabetesmedikament har vore aukande i Vaksdal frå 2005 til 2013, same tendens som resten av fylket og landet. Talet på brukarar av diabetesmedisin i Vaksdal er 27,6 per 1000 innbyggjarar. I fylket er andelen 25,3, og for heile landet ligg andelen på 27,0.

Kommunelegen presiserer at diabetes type 2 er ein underdiagnostisert sjukdom, der ein del går rundt og har diagnosen utan å få behandling. Difor er auka bruk av legemidlar til behandling av diabetes type 2 i Vaksdal ikkje nødvendigvis negativt. Det er like sannsynleg at fleire tilfelle har blitt oppdaga og diagnostisert. Desse får medikamentell behandling for å få ein velregulert diabetes. Legekontoret har hatt fokus på diabetes type 2 nokre år no, og screenar jamleg.

## Overvekt

Ein måte å måla overvekt og fedme på, er andelen med kroppsmasseindeks over 25. Ved sesjon til forsvaret i åra 2003 til 2009 hadde 27 prosent av unge menn frå Vaksdal BMI over 25.

Gjennomsnittet for Hordalandkommunane var 26,1.

(Folkehelseinstituttet nyttar tal for overvekt på sesjon, sidan det ikkje finst gode data på resten av befolkninga si vekt.)

Ifølgje kommuneoverlegen er overvekt eit aukande problem også i Vaksdal. Mange unge oppsøker lege på grunn av overvekt, og ein del av dei opplever mobbing. Kroppsfokuset er sterkare enn før, og det gjev fleire utslag.

Undersøkingar viser samanheng mellom sosioøkonomisk posisjon og overvekt. Ungdomar i familiar med dårleg økonomi har større risiko for overvekt og fedme enn ungdomar i familiar med god økonomi. Overvekt (BMI 25-29,9) og fedme (BMI over 30) gjev auka risiko for type 2-diabetes, hjarte- og karsjukdomar, høgt blodtrykk, slitasjegikt i kne og hofter og enkelte kreftsjukdomar som tjukktarmskreft. Overvekt og fedme kan også ha alvorlege psykiske helsekonsekvensar, ifølgje Folkehelsedirektoratet.



## Ung helse

Andelen som er «svært fornøgd» eller «litt fornøgd» med helsa er til saman 74 prosent mellom ungdomane frå Vaksdal (Ungdata 2015). Det betyr at Vaksdal-ungdom er litt meir fornøgde med eiga helse enn ungdom på landssnittet (71 pst).

84 prosent av lokal ungdom er fysisk aktiv kvar veke (87 er landssnittet).

16 prosent er plaga av einsemd (18 pst landssnitt).

13 prosent har kjent seg trist eller deprimert, vore uroa for framtida (11 pst landssnitt) .

14 prosent har daglege helseplager (hovudverk, nakke/skulder, mage, hjartebank), 13 pst landssnitt.

5 prosent har vore utsett for mobbing (plager, truslar, utfrysing), mot 9 prosent på landsbasis.

## Psykisk helse

WHO definerer psykisk helse som ein tilstand av velfere der individet kan realisera sine moglegheiter, kan handtera normale stressituasjonar i livet, kan arbeida på ein fruktbar og produktiv måte og er i stand til å bidra overfor andre og i samfunnet.

Folkehelsemeldinga (St.meld. 19) slår fast at psykiske helseproblem er mellom dei største folkehelseutfordringane i dag. Nesten ein firedel av den vaksne befolkninga har ei psykisk lidning. Fleire kvinner enn menn er råka av psykisk sjukdom, men kjønnskilnaden varierer mellom dei einskilde lidingane. Depresjon og angst er dei vanlegaste psykiske lidingane blant eldre.

I Vaksdal er talet på personar som oppsøker primærhelsetenesta for psykiske symptom og lidingar 126,9 per 1000. I Hordaland er andelen 137,4 og i heile landet 138,5 per 1000. Andelen har auka dei siste åra, både i Vaksdal, Hordaland og landet. Andelen er høgast i gruppa unge vaksne (15-29 år).

## Psykisk helse, primærhelsetenesta, brukarar

Kjønn, samla

per 1000, standardisert

År

Geografi

Alder

Sjukdomsgruppe

|          |                                  | 2010-2012    |           |         | 2011-2013    |           |         |
|----------|----------------------------------|--------------|-----------|---------|--------------|-----------|---------|
|          |                                  | heile landet | Hordaland | Vaksdal | heile landet | Hordaland | Vaksdal |
| 0-74 år  | Psykiske symptom og lidingar     | 135,8        | 134,3     | 123     | 138,5        | 137,4     | 126,9   |
|          | Angst og depresjon, symptom      | 48,8         | 50,3      | 44,3    | 50,2         | 51,9      | 45,5    |
|          | Affektive og depressive lidingar | 38,4         | 39,7      | 39,2    | 38,3         | 39,6      | 37,9    |
|          | Angstlidingar                    | 18,5         | 18,5      | 15      | 19,1         | 18,6      | 15,9    |
| 15-29 år | Psykiske symptom og lidingar     | 133,3        | 132,6     | 121,5   | 137,2        | 136,5     | 128,4   |
|          | Angst og depresjon, symptom      | 48,8         | 50,7      | 50,9    | 50,3         | 51,7      | 52      |
|          | Affektive og depressive lidingar | 35,7         | 38        | 41,7    | 36,6         | 39,1      | 44,6    |
|          | Angstlidingar                    | 19,5         | 18,7      | 14,7    | 20,4         | 19        | 17,3    |

Folkehelseinstituttet / Helsedirektoratet

## Muskel- og skjelett

Både kvinner og menn i Vaksdal kjem høgare opp på statistikken for muskel- og skjelettsjukdom og – plager enn Hordaland sett under eitt. 278 per 1000 har oppsøkt primærhelsetenesta med muskel- og skjelettsjukdom/plager. I Hordaland er talet 244. Det er kvinnene som oftast er råka av denne type sjukdom/plage (314 per 1000 i Vaksdal), medan det blant menn er 243 per 1000 som har kontakta fastlege eller legevakt for muskel-/skjelettsjukdom/-plager (Kommunehelsa statistikkbank).

## Kols

Vaksdal har litt lågare førekomst av KOLS enn fylket totalt. 3 per 1000 har vore innlagt på sjukehus på grunn av KOLS. På fylkesbasis er talet 3,4. Andelen har vore aukande frå 2008 til 2013, både på fylkesnivå og i kommunen. «Når sigarettøyk, gassar eller svevestøv gjennom fleire år irriterer luftvegane og utløyser kronisk hoste og bronkitt, kan tilstanden utvikla seg til kronisk obstruktiv lungesjukdom (KOLS). Røyking forklarar to av tre tilfelle. Luftureining i arbeidsmiljøet eller utandørs kan også føra til KOLS» (Folkehelseinstituttet).

## Tannhelse

9 av 10 femåringar i Vaksdal har ikkje hol i tennene. 89 prosent står i statistikken med DFMFT=0, som betyr ikkje karies i tennene i undersøkingsåret. Det er betre enn til dømes Bergen (84 pst). Men i løpet av skulealder, går det nedover med tannhelsen i kommunen. 33 prosent av 12-åringane hadde ikkje karies i undersøkingsåret, medan andelen i Bergen med «null hull» er 59 prosent. For 18-åringar er «ingen karies» tilfelle for 12 prosent i Vaksdal, mot 19 prosent i Bergen.

### Ti helseråd frå folk til folk

1. Ver deg sjølv.
2. Godta det ufullkomne
3. Skap gode, nære fellesskap
4. Finn likevekt mellom arbeid, kvile og leik
5. Bruk naturen som helsekjelde
6. Ver raus i møte med den andre
7. Vis måtehald både med nytingar og plikter
8. Sjå lyst på livet
9. Tru og håp er helsekjelder
10. Et sunt og gå eller spring tur, men med måte.

Kjelde: Folkehelsemeldinga/  
Helse på norsk: god helse slik folk ser det.  
Per Fugelli og Benedicte Ingstad, 2014.

## Kjelder

Alle foto: Sveinung Klyve,  
Vaksdal kommune

Hordaland fylkeskommune

<http://statistikk.ivist.no/hf/>

Fylkesmannen i Hordaland

<http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Folkehelse/>

Statistisk sentralbyrå (SSB inkl. KOSTRA)

<https://www.ssb.no/statistikkbanken/>

Helsedirektoratet, NPR

<https://helsedirektoratet.no/norsk-pasientregister-npr>

Folkehelselova 2012

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-29>

Folkehelsemeldinga

«Mestring og muligheter (Meld. St. 19 2014-15)».

Folkehelseprofil Vaksdal

<http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1251&sp=1&PDFaar=2015>

Ungdata.no

Elevundersøkelsen, skoleporten.no

KoRus Vest (kompetansesenter rus)

<http://korusbergen.no/>

Geodata.no (Nasjonal vegdatabank, Statens vegvesen)

<http://labapps.geodataonline.no/trafikkulykker/>

Trygg Trafikk

<http://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikksikker-kommune/kriterier-for-trafikksikker-kommune/>

Folkehelseinstituttet/Kommunehelse statistikkbank

<http://www.fhi.no/helsestatistikk/statistikkbanken/kommunehelse>

Helse Bergen / avd. informasjon, og avd Voss sjukehus

<http://www.helse-bergen.no>

Voss lensmannsdistrikt

Radon 2000/2001, rapport frå Statens Strålevern.

NAV Vaksdal, NAV Hordaland

<http://nav.no/hordaland>

Arbeidstilsynet

Fakta om lokale tilhøve er også henta internt i Vaksdal kommune, mellom anna: Årsmelding 2014, kommunedelplanar (oppvekst), ungdomsplan 2009-19, kommunestyreprotokoll (flyktninge-vedtak), fagetatane sine nettsider og årsplanar, epostar og munnlege svar frå fagansvarlege, avdelingsleiarar, einingsleiarar, kommunelege og kommunalsjefar.

«God oversikt – en føresetnad for god folkehelse», rettleiar frå Helsedirektoratet.

| Inne miljø skular og barnehagen. |                            |  |                                       |
|----------------------------------|----------------------------|--|---------------------------------------|
| Bygg                             | Tilstand<br>inneklima      | Tiltak                                   | Merknad                               |
| Vaksdal barnehage<br>tveitane    | Meget godt<br>Ny bygg 2014 | ingen                                    |                                       |
| Vaksdal barnehage jamne          | Nedlagt                    |  |                                       |
| Vaksdal skule                    | Godt                       | Alle klasserom har nye<br>aggregat 2010. | Personalrom har ingen<br>ventilasjon. |

## Vedlegg

|                      |                |   |  |
|----------------------|----------------|---|--|
| Stanghelle skule     | Godt inneklima | Nytt aggregat installert i 2009   |  |
| Stanghelle barnehage | Godt , ny bygg |   |  |
| Dale skule anlegg    | Godt.          | 2014-15. nye aggregat for 6 klasserom og montert avtrekk på komfyrar i 2015 |  |
| Dale barne hage      | dårleg         | Ventilasjon anlegg skal skiftes 2016.                                       |  |
| Stamnes skule        | godt           | Nytt ventilasjon anlegg 2006  |  |
| Stamnes barnehage    | godt           | Nytt ventilasjon anlegg 2010-11   |  |
| Eksingdalen skule    | godt           | Nye anlegg 2009-10 montert.   |  |
| Eksingedal barnehage | Nedlagt.       |   |  |

## Utviklingsmål for barnehagane 2015 - 2016

### Utviklingsmål for barnehagane 2015-2016


- Vidareutvikle samarbeid heim-barnehage
  - Føresette og barn skal føle seg velkommen og ivarettatt i barnehagen.
  - Støtte opp om kvalitetsmål vedteken i kommunedelplan for oppvekst.
- Fagområda i rammeplanen skal være synleg i daglege aktivitetar og leik
  - Vi vil dette året ha særleg fokus på barnehagens daglege arbeid med språkstimulering for alle barn
    - Sikre felles fokus og praksis for utvikling av språk og sosial kompetanse i barnehagen. Jfr. plan for språkutvikling.
    - Sikre best mogleg overgang mellom barnehage og skule.
    - Skape felles haldningar og arbeidsmåtar i personalet for å fremja meistring og positive relasjonar hos barn. (De utrolige årene)
    - Auka kompetansen i personalet knytt til innhald og pedagogisk praksis gjennom lærande møteplassar.
- **Leiken står sentralt og alle barn skal få være aktive og kreative i kvardagen**
- I tillegg til dette skal alle barnehagane arbeide aktivt for å bli sertifisert som trafiksikker barnehage, i regi av fylkeskommunen og Trygg Trafikk.

Alle plandokument ligg på [www.vaksdal.kommune.no](http://www.vaksdal.kommune.no) under Oppvekst, barnehage.

## Nøkkeltal Vaksdal

|                 | 1990 | 1995 | 2000 | 2005 | 2010 | 2013 |
|-----------------|------|------|------|------|------|------|
| Folketal        | 4480 | 4306 | 4203 | 4118 | 4153 | 4140 |
| Døde            | 50   | 52   | 47   | 44   | 40   | 47   |
| Fødde           | 53   | 39   | 53   | 46   | 38   | 39   |
| Fødselsoverskot | 3    | -13  | 6    | 2    | -2   | -8   |
| Innflytting     | 101  | 83   | 107  | 93   | 166  | 176  |
| Utflytting      | 143  | 142  | 102  | 131  | 118  | 160  |
| Nettoflytting   | -42  | -59  | 5    | -38  | 48   | 16   |
| Sysselsette     | 1782 | 1856 | 1757 | 1548 | 1478 | 1383 |
| Yrkesaktive     | 1894 | 1769 | 1744 | 1874 | 1922 | 1970 |
| Arbeidsstyrke   | 1974 | 1896 | 1786 | 1917 | 1963 | 2000 |
| Arbeidslause    | 80   | 127  | 42   | 43   | 41   | 30   |
| Bustadbygging   |      | 5    | 5    | 11   | 4    | 5    |

## Trafikkulukker i Vaksdal



## Trafikksikker barnehage

### Trafikksikker barnehage

Kriterier for å bli trafikksikker barnehage:


Trafikksikkerhet i barnehagen generelt

- ✓ Trafikkopplæring skal vera integrert som en del av barnehagen sitt omsorgs- og opplæringsarbeid og skal vera nedfelt i barnehagen sin årsplan.
- ✓ Det vert stilt krav til busselskap og drosjer om belter og trafikksikker atferd ved kjøp av transporttenester.
- ✓ Tilsette kjenner rutiner for håndtering av uforutsette faresituasjoner og hendingar på turar.
- ✓ Barnehagen har utarbeidd rutiner for å ivareta tryggleiken på turar til fots, med bil eller buss.


Trafikkopplæringa i barnehagen

- ✓ Barna lærer enkle trafikkregler for følgjengere.
  - ✓ Barna lærer om sikring i bil, sykkelhjelm og refleks.
- Samarbeid mellom barnehage og heim
- ✓ Rutiner for å ivareta barna sin tryggleik ved barnehagen sin parkeringsplass og port vert årleg gjennomgått med foreldre og tilsette.
  - ✓ Det vert stilt krav til foreldre om å sikra barn på vei til og frå barnehagen.
  - ✓ Trafikktryggleik og trafikkopplæring er eit integrert tema på foreldremøter.
  - ✓ Foreldre skal vera involvert i barnehagen sitt trafikksikkerhetsarbeid.

### Brotsverk 2014 fordelt pr. kommune (Voss lensmannsdistrikt)







Uføretal Vaksdal fordelt på aldersgrupper (NAV Hordaland).